Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse

Rapport nr. 5/2024

# Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2024

# Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2024

Redaktør:
Kristine Offerdal

Forfattarar:
Carl Endre Espeland
Fredrik Sagafos
Kjerstin Bruvold Klokkeide
Kristoffer Fretland Øygarden
Terje Kolbu Jacobsen
Therese H. Røst (prosjektleiar)

**ISSN: 2703-9102**

**Ope tilgjengeleg CC-BY 4.0**

# Forord

Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning blir kvart år utarbeida av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. I år er tilstandsrapporten et viktig kunnskapsgrunnlag for den komande stortingsmeldinga om høgare yrkesfagleg utdanning. Elles er tilstandsrapporten også brukt som grunnlag for styring og forvalting, og av sektoren sjølv.

Database for statistikk om høgare utdanning (DBH-F) er den primære kjelda for tala i rapporten. Det vert òg nytta tal frå Statistisk sentralbyrå. Data som blir presenterte i tilstandsrapporten er kvalitetssikra og sett i samanheng, og rapporten beskriv fagskulesektoren i tal og analyser om studentar, fagskular, utdanningstilbod og økonomi for 2023. Vi arbeider kontinuerleg med utvikling av rapportane, slik at dei er tilpassa ein sektor i vekst og endring.

Sektorbiletet fyrst i rapporten viser nasjonale nøkkeltal frå dei siste tre åra innan dei ulike områda rapporten dekker. Sist i rapporten finn ein eit utval nøkkeltal om fagskulesektoren i kvart av dei ulike fylka.

HK-dir takkar Kunnskapsdepartementet for oppdraget og for tilbakemeldingar undervegs i prosessen.

# Sektorbilete

| **Fagskular** | **2021** | **2022** | **2023** |
|---|---|---|---|
| **Tal på skular** | 61 | 58 | 60 |
| **Fagskular med offentleg eigarskap** | 17 | 16 | 16 |
| **Av desse fylkeskommunalt eigarskap** | 13 | 11 | 11 |
| **Fagskular med privat eigarskap** | 44 | 42 | 44 |
| **Fagskular med færre enn 50 studentar** | 17 | 20 | 20 |
| **Fagskular med mellom 50 og 500 studentar** | 27 | 22 | 23 |
| **Fagskular med fleire enn 500 studentar** | 16 | 16 | 17 |
| **Utdanningstilbod etter fagområde (FKF)** | **2021** | **2022** | **2023** |
| **Helse og velferd** | 497 | 687 | 659 |
| **Kreativ** | 145 | 160 | 146 |
| **Samferdsel** | 55 | 48 | 46 |
| **Teknisk** | 444 | 509 | 517 |
| **Økonomi- og administrasjon** | 299 | 406 | 391 |
| **Anna** | 60 | 66 | 60 |
| **Uoppgitt** | 21 | 23 | 47 |
| **Fagskulestudentar** | **2021** | **2022** | **2023** |
| **Tal på nye studentar** [1] | 15 802 | 15 040 | 17 266 |
| **Tal på studentar** [2] | 28 241 | 27 972 | 31 380 |
| **Kvinner** | 46 % | 45 % | 47 % |
| **Menn** | 54 % | 55 % | 53 % |
| **Tal på uteksaminerte studentar** | 9 846 | 10 157 | 11 386 |

[1] Talet inkluderer nye studentar på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1. oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.
[2] Talet inkluderer aktive studentar på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1. oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.

| Fagskulestudentar fordelt på fagområde (FKF) | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **Helse og velferd** | 6 162 | 6 581 | 7 596 |
| **Kreativ** | 2 806 | 2 618 | 2 541 |
| **Samferdsel** | 1 512 | 1 370 | 1 395 |
| **Teknisk** | 10 876 | 11 701 | 13 306 |
| **Økonomi- og administrasjon** | 5 363 | 4 859 | 5 657 |
| **Anna** | 692 | 677 | 668 |
| **Uoppgitt** | 830 | 166 | 217 |
| **Kjønnsfordeling på dei største fagområda** | **2021** | **2022** | **2023** |
| **Teknisk, andel kvinner** | 13 % | 12 % | 14 % |
| **Helse og velferd, andel kvinner** | 87 % | 87 % | 86 % |
| **Økonomi- og administrasjon, andel kvinner** | 69 % | 68 % | 69 % |
| **Opptaksgrunnlag** | 2021 | 2022 | 2023 |
| **Yrkesfagleg kompetanse** | 10 354 | 10 174 | 11 128 |
| **Generell studiekompetanse** | 5 076 | 4 109 | 3 992 |
| **Realkompetanse** | 2 565 | 3 023 | 3 893 |
| **Anna kompetansegrunnlag** | 826 | 641 | 653 |
| **Høgare yrkesfagleg utdanning** | . | . | 93 |
| **Spesielle opptakskrav** | . | . | 185 |
| **Utanlandsk utdanningsbakgrunn** | . | . | 160 |
| **Økonomi og styring** | **2021** | **2022** | **2023** |
| **Statleg tilskot til drift forvalta av fylkeskommunane** | 987,6 mill. | 1130,8 mill. | 1225,5 mill. |
| **Tilskot frå fylkeskommunanes frie midlar** | 148,9 mill. | 133,2 mill. | 172,5 mill. |
| **Tilskot til statlege fagskular** | 74 mill. | 136,9 mill. | 133,8 mill. |
| **Skulepengar, private skular** | 747,6 mill. | 768,1 mill. | 791,4 mill. |
| **Skulepengar, offentlege skular** | 23,7 mill. | 39,9 mill. | 42,8 mill. |
| **Statlege prosjektmidlar** | 193 mill. | 177,2 mill. | 128,4 mill. |

Vedlegg: S0
Kjelde: HK-dir/DBH-F

# Samandrag

Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning omtalar sektoren i tal og analyser om studentar, fagskular, utdanningstilbod og økonomi for 2023.

**Studentane**
I 2023 tel vi om lag 31 400 studentar i høgare yrkesfagleg utdanning. Det er 3 400 fleire studentar enn året før. Veksten har tatt seg opp igjen sidan utflatinga i 2022, og samla sett har studenttalet fordobla seg sidan 2017. Det er òg ein jamn auke i studiepoengproduksjon, men kvar student avlegg noko færre studiepoeng enn året før. Dette heng saman med ein 60 prosent auke i talet på studentar som tar kortare studietilbod under 30 studiepoeng frå 2022 til 2023.

Dei tre største fagområda er tekniske fag, helse- og velferdsfag, og økonomi- og administrasjonsfag. Studentane på desse fagområda utgjer ein stadig større del av studentane. Fagskulane bidreg i så måte til å dekke framtidige kompetansebehov innan desse fagområdane. .

**Fleksible utdanningar**
Studentane er i snitt 33 år gamle og i stor grad etablerte arbeidstakarar med lang arbeidserfaring som studerer ved sidan av jobb. Dei fleste studentane nyttar seg av fleksible utdanningstilbod. Deltidsstudentane står for 90 prosent av auken i studenttalet. Med denne auken er over 70 prosent av alle studentane deltidsstudentar, men det er store skilnader mellom dei ulike fagområda. To av tre studentar følger nettbaserte tilbod med eller utan samling.

**Opptaksgrunnlag**
Yrkesfagleg kompetanse er det mest vanlege opptaksgrunnlaget i høgare yrkesfagleg utdanning, men bruken av realkompetansevurdering aukar, særleg innan tekniske fag og økonomi- og administrasjonsfag. Kvar tredje student på kvart av desse fagområda vert tatt opp på grunnlag av realkompetansevurdering. Dette er i tråd med målsettinga om å bidra til å få fleire folk i arbeid.

**Uteksaminering, studiepoeng og fullføringsgrad**
Det har vore ein markant oppgang i talet på uteksaminerte kandidatar i 2023, i hovudsak innan tekniske utdanningar, og først og fremst på kortare studietilbod. Medan talet på uteksaminerte studentar innan helse og velferd og kreative fag

held seg meir eller mindre stabilt, ser vi ein nedgang i uteksaminerte for både økonomi og administrasjon og samferdsel.

Fullføringsgraden går noko ned i 2023. Dei siste sju åra ser vi at over 80 prosent av alle forventa studiepoeng vert avlagte kvart år, med unntak av i 2020 og 2021. Det er desse studentane i 2020 og 2021 som bidreg til lågare fullføring i 2023, fordi dei ikkje har kome i mål med utdanninga si. Dette er ein effekt som i stor grad kan tilskrivast pandemien.

**Institusjonslandskapet**

Hausten 2023 var det 60 fagskular, 16 offentlege og 44 private, som rapporterte aktivitet på 175 studiestader. Det har vorte færre små og fleire store fagskular. Sidan 2017 har talet på fagskular med 100 studentar eller færre gått ned frå 48 til 27, medan fagskular med over 1 000 studentar har auka frå fire til tolv. Innlandet, Oslo, Rogaland, Troms og Finnmark, Trøndelag og Viken har fått fleire studiestader hausten 2023.

**Fagområdeakkreditering**

I 2023 var det 12 fagskular som hadde fagområdeakkreditering på eitt eller fleire fagområde. Det er gitt 21 fagområdeakkrediteringar totalt, fordelt på desse 12 fagskulane. Det er ein auke på fire frå i fjor, og tre av desse er innan fagområdet helse og velferd.

**Utdanningstilbod**

Hausten 2023 var det totalt 389 ulike utdanningstilbod. Om ein reknar med variasjonar i tilboda i forma av finansiering (offentleg eller skolepengar), organisering (heiltid og deltid), utdanningsform (stadbasert, nettbasert og samlingsbasert), er det registrert 1 866 utdanningstilbod innan høgare yrkesfagleg utdanning. Dette syner eit breitt spekter av utdanningstilbod som gjer utdanningane meir tilgjengelege. Generelt går utviklinga i retning av fleire nettbaserte og nett- og samlingsbaserte tilbod, heller enn stadbaserte tilbod.

**Økonomi og styring**

I 2023 blei det brukt om lag 2,5 milliardar kroner på høgare yrkesfagleg utdanning. Om lag 1,23 milliardar av finansieringa var i form av tilskot frå Kunnskapsdepartementet, medan 834 millionar kroner var i form av skulepengar. Resten var midlar frå fylkeskommunane, frå offentlege tilskotsordningar, og direktetildelingar over statsbudsjettet til nokre statlege fagskular.

Vi ser at dei offentlege midlane som vert fasa inn som nye studieplassar i stor grad følgjer den venta utviklinga i studiepoengproduksjon.

**Digitalt vedlegg**

Vedlegga er digitale og kan lastast ned frå https://vedlegg.hkdir.no/TRHYUvedlegg/2024. Der finn ein talgrunnlag for alle figurane og tabellane i rapporten. Den inkluderer òg tidsseriar utover det vi viser i sjølve rapporten.

# Summary in English

The annual status report for higher vocational education and training (HVET) is written by the Directorate for Higher Education and Skills (HK-dir) on behalf of the Ministry of Education and Research. The report is used as a basis for management and administration of HVET, and by the sector itself.

The database for statistics on higher education (DBH-F) is the primary data source for this report.

The status report for higher vocational education discusses the sector in figures and analyses about students, higher vocational colleges, educational offers, and finances for 2023.

**The students**
In 2023, we count around 31,400 students in higher vocational education. There are 3,400 more students than the previous year. Growth has picked up again since the levelling off in 2022, and overall the number of students has doubled since 2017. There is also a steady increase in credit production, but each student completes a few fewer credits than the previous year. This is linked to a 60 per cent increase from 2022 to 2023 in the number of students taking shorter study programs under 30 credits.

The three largest subject areas are technical subjects, health and welfare subjects, and economics and administration subjects. The students in these subject areas make up an increasingly large part of the students. In this way, the higher vocational colleges contribute to meeting future competence needs in these subject areas.

**Flexible courses**
The students are on average 33 years old and to a large extent established employees with long work experience who study alongside work. Most students make use of flexible education options. Part-time students account for 90 per cent of the increase in student numbers. With this increase, over 70 per cent of all students are part-time students, but there are large differences between the various subject areas. Two out of three students follow online offers with or without any physical assembly.

**Admission basis**
Vocational competence is the most common basis for admission to higher vocational education, but the use of real competence assessment is increasing, particularly in technical subjects and economics and administration subjects. Every third student in each of these subject areas is admitted on the basis of an assessment of real competence. This is in line with the objective of helping to get more people into work.

**Graduation, credits, and degree of completion**
There has been a marked increase in the number of candidates graduating in 2023, mainly in technical education, and primarily on shorter study programmes. While the number of students graduating in health and welfare and creative subjects remains more or less stable, we see a decrease in graduates in both economics and administration and transport.

The completion rate drops somewhat in 2023. In the last seven years, we see that over 80 percent of all expected credits are completed each year, with the exception of 2020 and 2021. It is these students from 2020 and 2021 who contribute to lower completion in 2023, because they have not reached the goal of their education. This is an effect that can largely be attributed to the pandemic.

**The institutional landscape**
In the autumn of 2023, there were 60 higher vocational colleges, 16 public and 44 private ones, which reported activity at 175 study locations. There has been a development towards more large higher vocational colleges and fewer small ones. Since 2017, the number of higher vocational colleges with 100 students or fewer has decreased from 48 to 27, while higher vocational colleges with over 1,000 students have increased from four to twelve. The counties Innlandet, Oslo, Rogaland, Troms and Finnmark, Trøndelag, and Viken, have gained more study locations in autumn 2023.

**Subject area accreditation**
In 2023, there were 12 higher vocational colleges that had subject area accreditation in one or more subject areas. A total of 21 subject area accreditations have been granted, distributed among these 12 higher vocational colleges. There is an increase of four from last year, and three of these are in the field of health.

**Educational offers**

In the autumn of 2023, there were a total of 389 different educational offers. If one considers variations in the offers in terms of funding (public or school fees), organization (full-time and part-time), form of education (location-based, online, and group-based), 1,866 educational offers within higher vocational education are registered. This shows a wide range of educational offers that make the educations more accessible. In general, the trend is towards more online and hybrid-based offers (mainly online with usually a few physical assemblies), at the expense of the location-based offers in education.

**Economics and management**

In 2023, approximately NOK 2.5 billion was spent on higher vocational education. About NOK 1.23 billion of the funding was in the form of grants from the Ministry of Education and Research, while NOK 834 million was in the form of school fees. The rest was funds from the county councils, from public grant schemes, and direct allocations from the state budget to some state higher vocational colleges.

We see that the public funds that are being phased in as new studentships largely follow the expected development in credit production.

**Digital attachment**

The attachments are digital and can be downloaded from https://velegg.hkdir.no/TRHYUvedlegg/2024. There you will find a numerical basis for all the figures and tables in the report, as well as time series not shown in the report itself.

# Innhald

Forord ... 3
Sektorbilete ... 4
Samandrag ... 6
Summary in English ... 9
1 Innleiing ... 14
2 Metode og datagrunnlag ... 15
3 Studentane ... 19
3.1 Studentar og studiepoeng ... 19
3.2 Tilgang til utdanning og geografisk spreiing ... 26
3.3 Fordeling av studentar på fagområde ... 29
3.4 Alder og kjønn ... 33
3.5 Studentar på fleksible utdanningstilbod ... 36
3.6 Opptaksgrunnlag ... 42
3.7 Uteksaminerte studentar ... 49
3.8 Studiepoengproduksjon og fullføring på normert tid ... 51
3.9 Overgangar mellom fagskular og universitet/høgskular ... 57
4 Fagskular og utdanningstilbod ... 62
4.1 Fagskular og studiestader ... 62
4.2 Storleiken på fagskulane ... 70
4.3 Fagområdeakkreditering ... 74
4.4 Utdanningstilboda ... 76
4.5 Gradar og studiepoeng ... 79
4.6 Utdanningstilbod på heil- og deltid ... 82
4.7 Stadbaserte, samlingsbaserte og nettbaserte utdanningar ... 84
5 Styring og økonomi ... 88
5.1 Finansieringa av høgare yrkesfagleg utdanning ... 89
5.2 Studentar og utdanningar etter finansiering ... 98
5.3 Endringar sidan 2017 i lys av finansiering ... 103
5.4 Utviklingsmidlar for kvalitet ... 107
Fylkesvise sektorbilete ... 113

Figurliste ........ 125
Tabelliste ........ 126
Vedleggsliste ........ 127
Referansar ........ 128

# 1 Innleiing

For snart eit kvart århundre sidan blei uttrykket «mellom barken og veden» brukt for å omtale det vi i dag kjenner som høgare yrkesfagleg utdanning. Uttrykket vart tittelen på ei offentleg utgreiing om fagskuleutdanningar (NOU 2000:5). Uttrykket tydar til vanleg det å være fast mellom to onder, eller å vere i ein skvis. Fagskuleutdanningane var den gongen nettopp på eit mellomnivå, der det korkje var vidaregåande utdanning eller høgare utdanning. Utdanningane hadde ein uklar status, og inga tydeleg plassering i utdanningssystemet.

Samstundes er det nett mellom barken og veden at treets vekst skjer, slik at treet blir breiare og høgare. Den nemnde utgreiinga frå 24 år sidan trefte godt med skildringa si. Ho kan nok òg seiast å ha lagt eit viktig grunnlag for den utviklinga vi har sett i nyare tid. Fagskulesektoren har vakse mykje og fort. Sidan utviklinga for alvor skaut fart etter fagskulemeldinga i 2017 har fagskulesektoren nøyaktig dobla seg i tal på studentar i 2023.

Ein raud tråd i utviklinga av sektoren har vore behovet for ein utdanningssektor som leverer kvalitetssikra praktisk-teoretiske utdanningar som sikrar behova for kompetanse både for den einskilde og for bedriftene. Samstundes som det er ein tydeleg raud tråd i utviklinga, ser vi store endringar. Studentane har vorte eldre, og har no ei snittalder på 33 år. 70 prosent av dei studerer på deltid. Svært mykje av utdanningane skjer ved hjelp av nettbasert undervisning og rettleiing, og heile 76 prosent av studentane følger eit slikt tilbod. Fleire utdanningar vert tilbodne som kortare studietilbod for senke terskelen for å starte på ei utdanning.

Ein kan gjerne seie at fagskulesektoren er seg sjølv lik, men likevel annleis. Endringar i lov- og regelverk, auka økonomisk tilskot, tettare involvering av arbeidslivet og partane, og ikkje minst ein endringsvillig utdanningssektor, har bidrege til denne utviklinga som utgreiinga frå 24 år sidan peika på med det tosidige bilete «mellom barken og veden».

Regjeringa vil foreslå ei vidare utvikling for høgare yrkesfagleg utdanning i den kommande stortingsmeldinga som skal sendast til Stortinget våren 2025. Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning vil vere ein del av kunnskapsgrunnlaget til arbeidet med denne meldinga.

# 2 Metode og datagrunnlag

**Datakjelder**
Data til tilstandsrapporten er i hovudsak henta frå fagskulestatistikken i Database for statistikk om høgare utdanning (DBH-F) som er drifta av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Tala er innrapporterte frå fagskular og fylkeskommunar til DBH-F, og speglar sektoren i tal frå 2023.

Vi har òg brukt tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) for å kople studentar til bustadfylke og studiefylke.

**Teljing av studentar**
Aktive studentar på utdanningstilbod på 30 studiepoeng og over vert talde 1. oktober, og rapporterte inn til DBH-F 15. oktober. Dersom ein student er registrert på fleire utdanningstilbod, vert studenten talt fleire gangar. Talet på studentar er derfor noko høgare enn talet på individ i sektoren, som er måten SSB tel studentar.

For studentar på kortare studietilbod under 30 studiepoeng er det tre rapporteringar i løpet av året, der fagskulane kan rapportere talet på studentar som er aktive mellom teljetidspunkta. Studentar på studietilbod under 30 studiepoeng kan vere meldt opp til fleire korte tilbod både vår, sommar og haust. Sidan det er meir vanleg at ein student er registrert på fleire tilbod ved same studiestad innafor eit semester, vel vi å telje desse som unike individ frå heile året.

Studenttalet for 2023 (31 380) er derfor ein kombinasjon av aktive studentar på utdanningstilbod på 30 studiepoeng og over på teljetidspunktet 1. oktober og studentar (individ) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.

I tabell 3.3 fokuserer vi på utviklinga av korte studietilbod innanfor dei ulike fagområda. I den tabellen tel vi alle oppmeldingar, og nokre studentar er derfor talde fleire gonger i den tabellen.

**Teljing av nye studentar**
Nye studentar blir talde fyrste gongen dei vert registrert på ei utdanning med ein gitt NUS-kode. I tilfelle der ein student har vore registrert på fleire ulike utdanningar med same NUS-kode, har vi i tidlegare tilstandsrapportar talt dei fleire gonger. I årets rapport er desse dublettane fjerna og kvar student er berre telt ein gong, òg for historiske tal. Dette er grunnen til at historiske tall kan vere noko lågare enn tidlegare.

**Fullføring**
Fullføringstala vert berekna på grunnlag av kor tid ein student vart registrert på ein bestemt NUS-kode første gong, og kor lenge utdanninga er estimert til å vare med utgangspunkt i talet på studiepoeng og del av heiltid.

Det er einskilde utfordringar med måten nokre fagskular registrerer og rapporterer studentar på. Dette er særleg knytt til ulike formar for fleksibilitet i utdanningsløpet som ikkje tillét ei vurdering av fullføring på normert tid på vanleg måte. Av desse grunnane har vi ekskludert Noroff og NKI frå fullføringstal for alle åra. Vi har i tillegg sett oss nøydd til òg å ekskludere Fagskulen i Viken, men berre frå 2022-grunnlaget. Fullføringsgraden vi bereknar for denne fagskulen er svært låg dette året, og dette kan knytast til utfordringane som er omtala over. I grunnlaget for 2023 har vi ekskludert Norsk fagskole for lokomotivførere og Trøndelag høyere yrkesfagskole på liknande grunnlag. I tillegg er alle luftfartsfaga, med om lag 400 studentar kvart år, tatt ut av talgrunnlaget for fullføring, men av ein anna grunn enn dei andre. Grunngjevinga for å ekskludere desse er at fullføringa i luftfartsfaga er så låg at det gir eit feilaktig bilete av resten av sektoren. Nokre einskildtilbod er også ekskludert frå talgrunnlaget for alle åra. Dette er omtala i merknadane til figurane og tabellane det gjeld.

**Fagskulegrad**
Når vi omtalar utdanningar av ulikt omfang, nytter vi følgjande inndelingar:

- Høgare fagskulegrad (120 studiepoeng)
- Fagskulegrad (60–119 studiepoeng)
- Korte utdanningstilbod (30-59 studiepoeng)
- Kortare studietilbod (<30 studiepoeng)

**Felles klassifiseringssystem for fagskulestudentar**
Vi nyttar felles klassifiseringssystem for fagskulestudentar ved inndeling i fagområde og utdanningstype. I figurar der fagområda er inkludert, har vi ekskludert kategorien uoppgitt fagområde. Kategorien inneheld studentar på studietilbod under 30 studiepoeng, der vi ikkje har informasjon om fagområde.

Tabell 2.1 Felles klassifiseringssystem for fagskulesektoren (FKF)

| Utdanningskategori | Utdanningstype |
|---|---|
| **Kreative fag (kreativ)** | Visuell kunst |
| | Musikk, dans og drama |
| | Film og foto |
| | Design |
| | Interiør |
| | Mote |
| | Anna |
| **ØkAdm-fag (ØkAdm)** | Leiing |
| | Kontor |
| | Lønn og rekneskap |
| | Marknadsføring |
| | Reiseliv |
| | Anna |
| **Tekniske fag (teknisk)** | Bygg og anlegg |
| | Elektro/energi |
| | Industri/kjemi |
| | Petroleum |
| | Data-IT |
| | Modellering |
| | Anna |
| **Helse- og velferdsfag (helse og velferd)** | Helse |
| | Oppvekst |
| | Anna |
| **Samferdselsfag (samferdsel)** | Jernbane |
| | Luftfart |
| | Maritim-Dekk |
| | Maritim-Maskin |
| | Anna |
| **Anna** | Grøne fag |
| | Mat og drikke |
| | Religion |
| | Skjønnhetspleie |
| | Anna |

Merknad: versjon 1.16.
Vedlegg: T2.1
Kjelde: NOKUT

**Datakvalitet**

Gjennom arbeidet med tilstandsrapporten gjer vi ein stor kvalitetssikringsjobb på tala som er innrapporterte frå fagskulane. På generelt grunnlag ser vi at det ligg eit stort potensiale for betre datakvalitet og meir effektiv administrering og forvaltning av fagskulesektoren.

Arbeidet med rapporten avdekker eit behov for betre tilpassa studieadministrative system og kodeverk for utdanningstilbod, som kan handtere fleksibiliteten og det heilskaplege studie- og utdanningstilbodet fagskulane har.

# 3 Studentane

Studentane i høgare yrkesfagleg utdanning har ein anna profil enn andre studentar. Dei er eldre og i stor grad vaksne arbeidstakarar med lang arbeidserfaring som studerer ved sida av jobb (Alne, m.fl., 2023; Kompetansebehovsutvalget, 2022).

Fagskulane skal vere «arbeidslivet si utdanning», med tette koplingar til behova for kompetanse i arbeidslivet. Fagskulane har vore tidleg ute med å ta i bruk digitale løysingar for å kunne tilby desentraliserte og yrkesretta utdanningar til folk i arbeid eller i ein livssituasjon som ikkje let seg kombinere med utdanning på heiltid. Studentprofilen og veksten i sektoren tydar på at høgare yrkesfagleg utdanning er eit attraktivt val for vaksne som ønskjer eller treng kompetanseheving.

Talet på studentar held fram med å vekse, og dei tre store fagområda tekniske fag, helse- og oppvekstfag, og økonomi og administrasjonsfag vert stadig større. Studentane ved høgare yrkesfagleg utdanning vert stadig eldre, og delen som nytter seg av fleksibilitet i form av deltid, nettbaserte løysingar og kortare modular aukar. Det store biletet viser ei utvikling i tråd med den ønska utviklinga slik ho vert omtala i Utsynsmeldinga (Meld. St. 14 (2022-2023)), mellom anna med vekst innan tekniske fag og helse- og velferdsfag.

## 3.1 Studentar og studiepoeng

**Studenttalet er fordobla sidan 2017**
I 2023 tel vi om lag 31 400 studentar i høgare yrkesfagleg utdanning, sjå figur 3.1. Det er 3 400 fleire studentar enn i fjor, og ein auke på 12 prosent. Med unntak av fjoråret, då studenttalet gjekk svakt ned, har talet auka kvart år sidan 2017. Samla sett har studenttalet vorte dobla sidan 2017.

Hausten 2023 er det registrert 16 600 studentar ved private fagskular, og om lag 14 800 ved offentlege fagskular. Det er ved dei private fagskulane studenttalet har auka mest, der har det meir enn dobla seg sidan 2017, mens det har vore om lag 80 prosent auke ved offentlege fagskular. Som vi omtalar nærare i kapittel 5, går tre av fire studentar på heilt eller delvis offentleg finansierte utdanningar, medan ein av fire studentar betalar skulepengar for utdanninga si.

Figur 3.1 Studentar og studiepoengeiningar etter eigarskap, 2017–2023




Merknad: Ein studiepoengeining er 60 studiepoeng, tilsvarande eitt års studiar på full tid.
Vedlegg: F3.1
Kjelde: HK-dir/DBH-F

Når vi ser på vekst i talet på studentar ved konkrete fagskular, har fagskulen Din kompetanse vakse mest sidan 2022, med om lag 900 studentar. Fagskulen har no 1 200 studentar fordelt på studiestadar fleire stader i landet. Dette er ein ny fagskule som på kort tid har vakse til å bli ein av dei større. Din Kompetanse tilbyr i hovudsak utdanningar innan oppvekstfag, og får offentleg finansiering i fleire fylkeskommunar. Den kraftige veksten til fagskulen speglar ein vekst i talet på studentar på oppvekstfag i det heile. Dette kan tyde på at dei har treft eit behov som andre fagskular ikkje har dekt. Det er nærliggande å sjå denne utviklinga i samband med stortingsmeldinga *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO* (Meld. St. 6 (2019–2020)) der det mellom anna vart sett fokus på at skulen og barnehagane må ha den kompetansen som er naudsynt for å gje alle barn eit godt pedagogisk og inkluderande tilbod.

Gokstad akademiet er ein annan nokså ny fagskule som har hatt ein stor vekst, særleg innan data/IT-fag. Også denne får offentleg finansiering frå fylkeskommunar. Gokstad akademiet hatt ein auke på 490 studentar, til totalt 780.

Andre fagskular med sterk studentvekst er Noroff (400), NKI Fagskoler AS (303), MedLearn AS (268) og Fagskolen Innlandet (191).

Fagskulen Noroff er framleis den største fagskulen, med over 4 000 studentar. Alle tilboda til Noroff er finansiert av skulepengar. Fagskolen i Viken er den nest største fagskulen i landet, og har om lag 2 600 studentar. Fagskulen i Rogaland er blant dei tre største offentlege fagskulane, og er den offentlege fagskulen som har hatt den sterkaste veksten frå 2022 til 2023. Dei har hatt ein auke på om lag 600 studentar (42 prosent) siste år, og har no om lag 2 000 studentar.

Blant fagskulane som hadde størst nedgang i talet på studentar, finn vi Fagskolen Kristiania, AOF Norge og Norges grønne fagskole – Vea. Den prosentvise nedgangen i studentar er på rundt 20 prosent for desse skulane. Sjå vedlegg V6 for oversikt over studenttalet ved den einskilde fagskule.

**Auke i studiepoeng**
Fagskulane tilbyr alt i frå kortare studietilbod på få studiepoeng, til høgare fagskulegradar på 120 studiepoeng. Dei fleste studerer på deltid, så talet på studentar må derfor sjåast i lys av studiepoengproduksjonen for å gje et meir utfyllande bilde av veksten i sektoren.

Figur 3.1 viser at det er 9 prosent auke i studiepoengeiningar frå 2022 til 2023. Tilsvarande har det vore ein auke på 70 prosent sidan 2017. Om vi skil på eigarskap, har det sidan 2017 vore meir enn ei dobling i studiepoengeiningar ved private fagskular, og 42 prosent auke ved offentlege fagskular.

Om vi ser på endringane frå 2022-2023, har talet på studentar auka noko meir ved dei private fagskulane, og studiepoengeiningar har auka noko meir ved dei offentlege fagskulane.

**Dei fleste studentane tek ei gradsutdanning**
Figur 3.2 viser utviklinga i talet på studentar på studie- og utdanningstilbod av ulikt omfang i perioden 2017-2023. I 2023 var det om lag 26 000 studentar som tok fagskulegrad eller høgare fagskulegrad, og dei utgjorde heile 80 prosent av studentane. Vi ser òg av figuren at talet på studentar som tar fagskulegrad eller høgare fagskulegrad har auka gjennom heile tidsperioden, og særleg frå 2019.

Samstundes har talet på studentar òg auka, og sjølv om det heile tida har vore flest studentar som tar høgare fagskulegrad, går prosentdelen ned. I 2017 var det

oppunder 60 prosent av studentane som tok høgare fagskulegrad, i 2023 var det 40 prosent.

Studentar på korte studietilbod mellom 30-59 studiepoeng låg på rundt 2 000 frå 2017 til 2019, då vart det nær ei dobling til om lag 3 700 studentar i 2021. I 2023 har studenttalet på desse studietilboda gått ned til 2 900.

Figur 3.2 viser tydeleg inntoget av kortare studietilbod under 30 studiepoeng i høgare yrkesfagleg utdanning 2020, med om lag 900 studentar. Gjennom pandemien og dei tiltaka som då vart tilbydt gjennom fagskulane, var det ein kraftig auke til om lag 2 700 studentar på kortare studietilbod under 30 studiepoeng i 2021. Etter ein nedgang i talet på studentar på kortare studietilbod i 2022, har det i løpet av det siste året vore ein auke på vel 850 studentar, om lag 60 prosent. Studentar på kortare studietilbod under 30 studiepoeng utgjer no 7 prosent av alle studentane.

Vi har no ei klar to-deling av studentane i høgare yrkesfagleg utdanning. Om lag 80 prosent tar anten fagskulegrad eller høgare fagskulegrad, medan om lag 20 prosent tar anten korte utdanningstilbod eller kortare studietilbod under 30 studiepoeng.

Figur 3.2 Studentar på fagskulegrad, korte utdanningstilbod og kortare studietilbod, 2017-2023




Merknad: stp = studiepoeng. 221 studentar på enkeltemne i 2020 er ikkje inkluderte i figuren.
Vedlegg: F3.2
Kjelde: HK-dir/DBH-F

I tabell 3.1 er studentar på utdanningar av ulikt omfang fordelt på fagskular med offentleg og privat eigarskap i 2017, 2022 og 2023.

Av vel 13 300 studentar på høgare fagskulegrad i 2023, var om lag 8 800 ved offentlege fagskular, og om lag 4 600 ved private fagskular. Delen høgare fagskulegrad har vore stabil rundt 70 prosent ved dei offentlege fagskulane i heile perioden 2017-2023. Til samanlikning er det motsett fordeling av offentleg og privat når det gjeld studentar på fagskulegrad (60-119 stp.) Av om lag 13 000 studentar på fagskulegrad var det 8 900 studentar (70 prosent) ved private fagskular i 2023. Denne fordelinga har òg vore stabil sidan 2017. Det er altså flest studentar på høgare fagskulegradar ved offentlege fagskular og flest studentar som tek fagskulegradar ved private fagskular.

Korte utdanningstilbod mellom 30-59 studiepoeng har auka både blant offentlege og private fagskular sidan 2017. Men, den auken vi kunne sjå frå 2020 i figur 3.2 og som vi kan sjå i tabell 3.1 i 2022, var særleg tydeleg hos dei private fagskulane, og heng saman med tiltak som vart sett i gang under pandemien. I

2023 ser vi ein nedgang i desse korte utdanningstilboda, og det kan i hovudsak tilskrivast avslutting av tilbod ved Fagskolen Kristiania.

På dei kortare studietilboda under 30 studiepoeng var det 1 450 studentar ved offentlege fagskular og om lag 900 ved private fagskular, auken har høvesvis vore på om lag 550 og 300 studentar frå 2022 til 2023.

Tabell 3.1 Studentar på kortare studietilbod, korte utdanningstilbod og fagskulegradar ved offentlege og private fagskular, 2017, 2022 og 2023

| | **2017** | | | **2022** | | | **2023** | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Offentleg | Privat | Totalt | Offentleg | Privat | Totalt | Offentleg | Privat | Totalt |
| **Kortare studietilbod, under 30 stp.** | . | . | . | 903 | 569 | 1 472 | 1 451 | 873 | 2 324 |
| **Korte utdanningstilbod, 30–59 stp.** | 91 | 1 781 | 1 872 | 634 | 2 425 | 3 059 | 741 | 2 236 | 2 977 |
| **Fagskulegrad, 60–119 stp.** | 1 908 | 3 147 | 5 055 | 3 635 | 7 284 | 10 919 | 3 807 | 8 921 | 12 728 |
| **Høgare fagskulegrad, 120 stp.** | 6 281 | 2 482 | 8 763 | 8 441 | 4 081 | 12 522 | 8 766 | 4 585 | 13 351 |
| **Totalt** | **8 280** | **7 410** | **15 690** | **13 613** | **14 359** | **27 972** | **14 765** | **16 615** | **31 380** |

Merknad: stp. = studiepoeng.
Vedlegg: T3.1
Kjelde: HK-dir/DBH-F

Tekstboks 1 Søkjarar til høgare yrkesfagleg utdanning gjennom samordna opptak

Samordna opptak har samordna opptaket til fagskulane sidan 2020, og koordinerer søking og opptak til høgare yrkesfaglege utdanningar ved 26 fagskolar i 2024. Alle offentlege fagskolar er med i det samordna opptaket, medan det er valfritt for private fagskular. I underkant av 50 % av alle fagskulane er med i det samordna opptaket, og tala representerer difor berre ein del av den samla fagskulesektoren. Utdanningane som har opptak gjennom Samordna opptak, er akkrediterte studium med eit omfang på mellom 30 og 120 studiepoeng.

**Søkjartal 2024:**
I 2024 er det 15 742 søkjarar til studia ved dei 26 fagskolane. 15 742 søkjarar er ein auke på 17 % frå 2023, og det har ikkje vore fleire søkjarar sidan Samordna opptak tok over opptaket.

Det vart lyst ut 494 studium med til saman 14 287 studieplassar, men det er ikkje uvanleg at fagskulane avlyser ein del studium etter søknadsfristen på grunn av låge søkjartal, manglande finansiering og andre årsaker. Grunnlaget for planlagde studieplassar og antal studium endrar seg difor i løpet av året.

Søkjartal viser hovudsakleg interessa for dei ulike studia, men det er først etter at søknadane er handsama og opptaksåret er gjennomført at vi ser korleis søkjarane er fordelt på dei tilgjengelege studieplassane.

**Hovudopptak 2024:**
Dei som har søkt ei fagskuleutdanning gjennom Samordna opptak fekk svar på søknaden sin 25. mai. Etter hovudopptaket kan søkjarar bli tatt inn frå venteliste, eller ein kan søke på ledige studieplassar. Sluttstatistikken viser kor mange tilbod som er gitt totalt gjennom året og kor mange studentar som møtte til studia på dei forskjellige fagskulane.
Meir informasjon om søkjartal, opptakstal og sluttstatistikk finn du her:
https://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/

Kjelde: (HK-dir, 2023a)

## 3.2 Tilgang til utdanning og geografisk spreiing

Det er eit mål at høgare yrkesfagleg utdanning skal vere tilgjengeleg i heile landet. Det er difor interessant å sjå nærare på både nettbaserte tilbod, som er lausrivne frå geografi og kor studenten bur, men òg den geografiske fordelinga av studentane.

**Kor vel studentane å studere?**
68 prosent av studentane følgjer stad- og samlingsbaserte utdanningar. I figur 3.3 er desse fordelte på dei ulike studiefylka. Vi ser at i fylkeskommunar med høgt innbyggjartal, er det òg fleire studentar.

Det er flest studentar i Oslo fylkeskommune, med over 3 800 studentar, og i Viken med 3 200 studentar. I Oslo fylkeskommune er det 2 700 (70 prosent) som studerer ved privat fagskule, og 1 130 studerer ved offentleg fagskule. Dette er det einaste fylket der studentar ved private fagskular er i fleirtal. I Viken er 80 prosent (2 500) studentar ved offentleg fagskule.

Både Rogaland og Vestland har like over 2 500 studentar, mens Vestfold og Telemark, Trøndelag og Innlandet har rundt 2 000 studentar. Agder og Troms og Finnmark fylke har kring 1 000 studentar, mens det i Nordland, og Møre og Romsdal er under 500 studentar.

Samanlikna med 2022, har det vore størst auke i talet på studentar i Rogaland. Der har det vore ein auke på 375 studentar siste året, auken ser vi både ved offentlege og private fagskular. I Trøndelag fylkeskommune har det vore ein auke på 360 studentar til vel 1 800 studentar totalt, hovudsakeleg ved private fagskular.

Figur 3.3 viser at om lag kvar tredje student (32 prosent) i høgare yrkesfagleg utdanning studerer ved heilt nettbaserte utdanningstilbod. Det er om lag 9 900 studentar. Vel 8 600 (87 prosent) av dei studerer ved private fagskular, medan 1 250 studerer ved offentlege fagskular. Det er 2 100 fleire studentar ved nettbasert tilbod i 2023 enn i 2022.

Figur 3.3 Studentar etter studiefylke og eigarskap, 2023




Merknad: Studentar på nettbaserte tilbod blir ikkje plassert i fylke, men i kategorien nettbasert undervisning.
Vedlegg: [F3.3]
Kjelde: HK-dir/DBH-F

Figur 3.4 viser den relative fordelinga av utdanningsformer som studentane i dei ulike bustadfylka følger. Studentane sitt bustadfylke er henta frå folkeregisteret. Den geografiske fordelinga av studentar speglar både institusjonslandskapet og busettingsmønstera i landet. Det er størst del (50 prosent) studentar på stadbaserte utdanningar i Oslo og Agder. I dei fleste andre fylka følgjer om lag 30 prosent av studentane dei stadbaserte utdanningane.

Den lågaste delen på stadbasert finn vi i dei to nordlegaste fylka. I Nordland, og Troms og Finnmark, er det høvesvis om lag 15 og 20 prosent på stadbaserte utdanningar. Tilsvarande er det då høvesvis 85 og 80 prosent av studentane som tar nettbaserte tilbod med eller utan samling i desse fylka. Dette er som forventa då desse fylka har færre studiestader og lågare folketal.

Om vi ser på dei heilt nettbaserte utdanningstilboda utan samlingar, vert desse følgde av mellom 24 og 34 prosent av studentane i kvart av landets fylke. Nettbaserte utdanningar gjer det mogeleg for fleire å kunne delta på utdanning,

og er ein stadig aukande utdanningsform. I kapittel 3.5 kjem vi nærare inn på fleksible utdanningstilbod.

Figur 3.4 Andel studentar etter registrert bustadfylke og utdanningsform, 2023




Merknad: Studentar der bustadfylket er ukjend, vert ikkje viste i figuren. Sjå tabellvedlegg for talet på desse studentane og ein gjennomgang av forskjellane mellom talet på studentar frå HK-dir/DBH-F og SSB.
Vedlegg: F3.4
Kjelde: SSB

## 3.3 Fordeling av studentar på fagområde

Etterspurnaden etter praksisnær høgare yrkesfagleg utdanning i arbeidslivet er stor, særleg innan tekniske fag (Kompetansebehovsutvalget, 2022). NAV si bedriftsundersøking frå 2023 (Myklathun, 2023) peikar òg på stor mangel innan helse, bygg og anlegg, og industriarbeid. I dette kapittelet skal vi sjå korleis studentane i høgare yrkesfagleg utdanning fordel seg på kvart fagområde.

**Tekniske fag er størst og veks mest**
Figur 3.5 viser at dei tre største fagområda teknisk, helse og velferd, og økonomi og administrasjon held fram med å vekse. Tekniske fag er det største fagområdet, med over 13 300 studentar (42 prosent), og det er også her vi ser den største veksten frå 2022 til 2023 (1 600 studentar; 14 prosent).

Det er om lag 7 600 studentar på helse- og velferdsfag; dei utgjer 24 prosent av studentane. Auken sidan 2022 innan dette fagområdet var på like over 1 000 studentar (15 prosent).

I 2022 var det ein liten reduksjon i talet på studentar ved økonomiske og administrative fag. Fram mot 2023 har studenttalet auka med 800, som utgjer ein auke på 16 prosent. Det er i dag 5 657 studentar ved økonomiske og administrative fag.

Innan kreative fag var det 2 500 studentar, innan samferdsel var det om lag 1 400 og innan anna fag var det under 700 studentar. Innan desse fagområda held studenttalet seg stabilt. Sidan 2022, og eigentleg i heile perioden frå 2017, har det berre vore små endringar.

Figur 3.5 Studentar per fagområde, 2017–2023




Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.
Vedlegg: F3.5
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Tre dominerande fagområde**
Figur 3.6 viser den *relative* storleiken til kvart fagområde kvart år i perioden 2017-2023. Det er i det heile ikkje store endringar frå år til år, men utviklinga over tid speglar endringar i kva kompetanse arbeidstakarar og arbeidsliv etterspør (Kompetansebehovsutvalget, 2022; Myklathun, 2023). Fylkeskommunane si prioritering av tilskot til drift, og betalingsviljen hos studentar og arbeidsgjevarar som betaler for relevante utdanningar, kan òg spele ein rolle her.

Medan studenttalet har dobla seg i perioden utgjer studentar på dei tre største fagområda ein stadig større del av studentmassen. Samstundes utgjer studentar ved kreative fag og samferdselsfag ein stadig mindre del av studentane. Utviklinga er i tråd med behova for teknologisk kompetanse og gode velferdstenester som er dei prioriterte områda for utdanning og kompetanse i utsynsmeldinga (Meld. St. 14 (2022-2023)).

Figur 3.6 Andel studentar etter fagområde, 2017–2023




Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.
Vedlegg: [F3.6]
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Tekniske fag og helse- og velferdsfag størst i nesten alle fylka**
Høgare yrkesfagleg utdanning skal svare til lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov (fagskoleloven, 2018 (§3)). Aktive studentar i kvart fylke vil derfor i viss grad òg gjenspeile lokalt og regionalt arbeidsliv og næringsstruktur.

Figur 3.7 viser den prosentvise fordelinga av studentar innan dei ulike fagområda i kvart fylke. Studentar på nettbaserte tilbod er skilde ut i ein eigen kategori.

I dei fleste fylka utgjer studentar ved tekniske fag og helse- og velferdsfaga minst to tredelar av studentmassen, og det er berre desse to fagområda som har studentar i alle fylka. For alle andre fagområde er det nokre fylke der dei ikkje er representerte. Til dømes finst det ikkje kreative tilbod i Troms og Finnmark, og ikkje samferdselstilbod i Innlandet eller Viken.

Tekniske fag er det største fagområdet nasjonalt, men òg i stort sett kvart fylke, med nokre unntak. I Troms og Finnmark går til dømes 70 prosent av studentane på tekniske fag, og tilsvarande 60 prosent av studentane i Innlandet og Vestland fylke.

Det er større variasjon i kor stor del av studentane i kvart fylke som går på helse- og velferdsfag. I Rogaland og Nordland fylke er dette fagområdet størst og står for 40 prosent av studentane. I desse fylka er det høvesvis 29 og 20 prosent på tekniske fag. I Møre og Romsdal er det berre fem prosent av studentane som studerer helse- og velferd, mens det i Vestland fylke er 11 prosent.

I Møre og Romsdal, der skipsfart er ei viktig næring, er samferdsel det største fagområdet (48 prosent).

Oslo tiltrekker seg mange studentar, og har ein stor del av studentane innan fleire fagområde. Kvar tredje student i Oslo går på kreative fag, elles har tekniske fag, helse- og velferdsfag, og økonomi- og administrasjonsfag òg betydelege delar studentar.

Figur 3.7 Andel studentar, fordelt på fagområde og studiefylke, 2023




Merknad: Studentar på nettbaserte tilbod blir ikkje plassert i fylke, men i kategorien nettbasert undervisning.
Vedlegg: F3.7
Kjelde: HK-dir/DBH-F

## 3.4 Alder og kjønn

Figur 3.8 viser alder og kjønn på studentar i høgare yrkesfagleg utdanning i 2023. Det er 47 prosent kvinnelege og 53 prosent mannlege studentar, og 58 prosent av alle studentane er 30 år eller eldre. Snittalderen for ein student i høgare yrkesfagleg utdanning er 33 år.

**Flest eldre kvinnelege og yngre mannlege studentar**
Sidan 2022 har det blitt om lag 1 950 fleire kvinnelege og 1 450 fleire mannlege studentar, det utgjer en auke på 2 prosentpoeng i delen kvinner sidan 2022. Samstundes har studentane, av begge kjønn, vorte eldre. Sidan 2017 har snittalderen auka med 2 år. Men, når det gjeld alder ser vi ein tydeleg kjønnsforskjell.

Med unntak av aldersgruppene under 20 år og over 50 år, som utgjer ein særleg liten del av studentmassen, er dei kvinnelege studentane i stor grad jamt fordelt i dei ulike aldersgruppene, med over 2 300 studentar i kvar gruppe mellom 20 og 50 år. Studenttalet aukar med aukande alder, og det er over 3 300 kvinnelege studentar i aldersgruppa 41-50 år. Dei kvinnelege studentane er i snitt 35 år.

Dei mannlege studentane er i snitt 31 år, og det er større skilnad mellom aldersgruppene hos dei. Der er òg tendensen at talet på studentar blir lågare med aukande alder. Det er om lag 4 300 mannlege studentar i aldersgruppa 20-24 år, og 2 200 i aldersgruppa 41-50 år.

Figur 3.8 Andel studentar etter kjønn og alder, 2023




Vedlegg: F3.8
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Kjønnsforskjellar på ulike fagområde**

I figur 3.9 er studentane ved kvart fagområde fordelte etter alder. Det er blanda aldersgrupper i dei fleste fagområda, men kreative fag og samferdsel skil seg ut med større del yngre studentar. Om lag 60 prosent av studentane på desse fagområda er under 25 år. Desse studentane kjem i større grad rett frå vidaregåande opplæring, og studerer oftare på heiltid (Alne, m.fl., 2023).

Innan helse- og velferdsfag, og økonomi- og administrasjonsfag er om lag 90 prosent av studentane 25 år eller eldre. Det er innan desse fagområda studentane er eldst, og over halvparten av studentane er 35 år eller eldre.

Studentane på tekniske fag er ei meir samansett gruppe når det gjeld alder. Det er rundt 20 prosent i kvar av aldersgruppene mellom 20-34 år, og halvparten av studentane er under 30 år.

Figur 3.9 Andel studentar etter alder og fagområde, 2023




Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.
Vedlegg: F3.9
Kjelde: HK-dir/DBH-F

Dei store kjønnsskilnadene vi ser innan dei ulike fagområda i høgare yrkesfagleg utdanning har halde seg nokolunde stabil over tid. I figur 3.10 viser fordelinga mellom kvinner og menn innafor dei ulike fagområda i 2023. I vedlegg F3.10 finn ein tala for alle åra i perioden 2017-2023.

Det er høgst del kvinnelege studentar innan dei fleste fagområda, med unntak i samferdselsfag og tekniske fag, der det i 2023 var høvesvis 93 prosent og 86 prosent menn.

Delen kvinnelege studentar var høgst innan helse- og velferdsfaga. I 2023 var det 86 prosent kvinner på det fagområdet. Målt i delen kvinner var det nest flest på økonomi- og administrasjonsfag (69 prosent) og deretter kreative fag (65 prosent).

**Fleire kvinnelege studentar på tekniske fag**

Sjølv om kjønnsskilnadene er nokolunde stabile, ser vi at med aukande studenttal er det òg aukande del kvinner innan dei tekniske faga. I perioden 2017-2023 har delen kvinnelege studentar på tekniske fag blitt meir enn dobla: frå 6 til 14 prosent.

I 2023 var det over 1 900 kvinnelege studentar på dette fagområdet, det var ein auke på om lag 500 frå året før, og 300 av desse var innan data-IT. Av totalt 1 900

kvinner innan tekniske fag var det i 2023 over 1 100 innan data-IT, 290 innan industri/kjemi, og 220 innan bygg og anlegg.

**Fleire mannlege studentar på helse- og velferdsfag**
Innan helse- og velferdsfag har det sidan 2017 vore ein svak men jamn auke i delen menn frå 10 til 14 prosent. I 2023 var det like over 1 000 mannlege studentar, av desse var det vel 650 på helsefag og vel 250 på oppvekstfag. Begge områda har auka med om lag 80 mannlege studentar siste år.

Figur 3.10 Andel studentar etter kjønn og fagområde, 2023




Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane. Tabellvedlegget inkluderer ein tidsserie for åra 2017–2023.
Vedlegg: F3.10
Kjelde: HK-dir/DBH-F

## 3.5 Studentar på fleksible utdanningstilbod

Fleksibilitet i utdanning kan dreie seg om fleire element. Det er moglegheita til å studere på deltid, at ein kan følgje tilbod som er nett- eller samlingsbasert, at fysisk undervisning er i nærleiken av der ein jobbar eller bur, fleksibel studiestart gjennom året, eller at ein kan endre utdanningsform undervegs, dersom livssituasjonen krev det.

Alle desse elementa er eksempel på korleis fagskulane legg til rette for at personar i arbeid og ulike livsfasar kan ta utdanning. Når vi veit at fagskulestudentane er eldre enn andre studentar (HK-dir, 2023b), og at mange er arbeidstakarar samtidig som dei er studentar (Alne, m.fl., 2023), er det naturleg å

vente at ein stor del av dei også nytter seg av dei fleksible tilboda. Vi skal sjå nærare på utviklinga innan deltidsutdanning, nettbaserte utdanningar og kortare studietilbod under 30 studiepoeng.

**Høg og aukande del deltidsstudentar**

I 2023 er det om lag 22 700 deltidsstudentar i høgare yrkesfagleg utdanning, noko som betyr at 72 prosent av studentane er deltidsstudentar. Heile 90 prosent av den totale auken i talet på studentar frå 2022-2023 er deltidsstudentar. I 2017 var det 60 prosent deltidsstudentar, og i heile perioden fram mot 2023 har delen auka jamt og trutt.

Det er store skilnader mellom dei ulike fagområda, sjå figur 3.11. Medan så godt som alle studentane ved helse- og velferdsfag studerer på deltid, studerer dei aller fleste studentane ved samferdselsfag og kreative fag på heiltid. Som vi ser i tabell 3.2 under kan dette mellom anna forklarast med at studentane på helse- og velferdsfag er eldre, og at utdanninga då gjerne blir kombinert med familie og jobb. Desse forskjellane har vore stabile sidan 2017, med unntak av kreative fag, der det er ein liten auke i delen deltidsstudentar, frå 7 prosent i 2017 til 12 prosent i 2023.

Innan tekniske fag, og økonomi- og administrasjonsfag, er det ein kombinasjon av både heiltid og deltidsstudentar. På desse fagområda er det høvesvis 70 og 80 prosent deltidsstudentar. Av den totale auken på 3 400 studentar, er 2 950 (87 prosent) deltidsstudentar ved desse fagområda.

Figur 3.11 Studentar på heiltid og deltid etter fagområde, 2023




Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.
Vedlegg: F3.11
Kjelde: HK-dir/DBH-F

I tabell 3.2 kan vi sjå fordelinga av studentar på heiltid og deltid etter alder. Som venta, aukar andelen studentar på deltid i takt med alder. Samstundes er heile 42 prosent av studentane i aldersgruppa 20-24 år deltidsstudentar, ein auke på tre prosentpoeng frå i fjor. Om den høge andelen skuldast at dei unge studentane òg er i jobb og difor vel å vere deltidsstudentar, eller om det heng saman med at tilbodet berre finst som deltidsutdanningar, veit vi ikkje noko om.

Sjå vedlegg V9 for detaljar om studentar etter utdanningsform og del av heiltid og deltid.

Tabell 3.2 Studentar på heiltid og deltid etter alder, 2023

| Alder | Studentar på deltid | Andel deltid per aldersgruppe | Studentar på heiltid | Andel heiltid per aldersgruppe | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| **Under 20** | 49 | 13 % | 323 | 87 % | 372 |
| **20–24** | 2 806 | 42 % | 3 803 | 58 % | 6 609 |
| **25–29** | 4 211 | 68 % | 1 953 | 32 % | 6 164 |
| **30–34** | 4 310 | 79 % | 1 159 | 21 % | 5 469 |
| **35–40** | 4 325 | 84 % | 798 | 16 % | 5 123 |
| **41–50** | 5 009 | 90 % | 536 | 10 % | 5 545 |
| **Over 50** | 1 971 | 94 % | 127 | 6 % | 2 098 |
| **Totalt** | **22 681** | **72 %** | **8 699** | **28 %** | **31 380** |

Vedlegg: T3.2
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Fleire studentar på nett enn i klasseromma**
Det har vore ei endring i tilhøvet mellom dei tre utdanningsformane stadbasert undervisning, nettbasert undervisning og nettbasert undervisning med fysiske samlingar dei siste åra, jf. figur 3.12. Delen studentar som følgjer nettbasert undervisning med og utan samlingar har auka markant, og utgjer i 2023 to tredelar av studentmassen. Berre ein tredel av studentane følgjer stadbasert undervisning. For fyrste gong er det no like mange studentar på nettbaserte undervisningstilbod med samling, som på stadbaserte utdanningstilbod.

Som vi ser av figur 3.12. har talet på studentar på stadbaserte tilbod halde seg nokolunde stabilt på mellom 10 000 og 12 000 studentar i perioden 2018 til 2023. Dette syner at veksten i talet på studentar er knytt til dei nettbaserte formane. Berre det siste året har 3 900 fleire studentar valt dei nettbaserte utdanningstilboda med og utan samling, som no har til saman meir enn 20 700 studentar.

Figur 3.12 Studentar etter utdanningsform, 2017–2023




Merknad: 373 studentar i 2020 har ukjend utdanningsform, og vert ikkje vist i figuren.
Vedlegg: F3.12
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Utvikling i kortare studietilbod under 30 studiepoeng**

Eit anna element ved fleksibel utdanning, som det har vore fokus på dei siste åra, er moglegheita til kompetanseheving gjennom små, kortare, modulbaserte studietilbod under 30 studiepoeng

Det har alltid vore studentar som har tatt enkelte emne frå ei utdanning, og ikkje heile tilbodet. Frå 2019 blei denne forma for tilbod sett meir i system gjennom tilskotsordninga Treparts bransjeprogram for kompetanse. Fagskulane fekk moglegheit til å søke dispensasjon frå det som inntil 2021 var den nedre lovlege grensa for fagskuletilbod, 30 studiepoeng. Ei lovendring i 2021 fjerna denne grensa.

Gjennom ulike tilskotsordningar, som til dømes bransjeprogram, midlar til fleksibel utdanning og industrifagskulen, er det løyvd midlar til å utvikle og/eller gjennomføre kortare studietilbod under 30 studiepoeng. Dette har gitt ein relativ stor auke i slike korte tilbod.

Tabell 3.3 viser talet på oppmeldingar til kortare studietilbod under 30 studiepoeng. Dersom ein student har meldt seg opp til to ulike tilbod, blir han telt to gonger. Tala skil seg derfor frå figur 3.2 der ein student blir telt ein gong. Det er

relevant å vise tala på oppmeldingar på slike korte tilbod fordi det er mogleg, og ikkje uvanleg, å ta fleire slike korte tilbod i løpet av eit år. Dette i motsetnad til dei ordinære tilboda som har ei større studiebelastning.

Medan talet på unike studentar på kortare tilbod under 30 studiepoeng auka med om lag 60 prosent (Figur 3.2), var det meir enn 70 prosent auke frå 2022 til 2023 i talet på oppmeldingar til kortare tilbod. Det at talet på oppmeldingar aukar meir enn talet på unike individ, viser nettopp at fleire av studentane tek meir enn eitt tilbod i løpet av eit år. Som venta er det særleg innan dei tekniske faga vi finn ein auke, etterfølgt av økonomisk- og administrative fag.

Tabell 3.3 Oppmeldingar til kortare studietilbod under 30 studiepoeng fordelt på fagområde, 2022 og 2023

| Fagområde | Antal oppmeldingar 2022 | Andel oppmeldingar 2022 | Antal oppmeldingar 2023 | Andel oppmeldingar 2023 |
|---|---|---|---|---|
| **Helse og velferd** | 45 | 2 % | 193 | 6 % |
| **Kreativ** | . | . | . | . |
| **Samferdsel** | . | . | . | . |
| **Teknisk** | 1 119 | 55 % | 1 856 | 53 % |
| **ØkAdm** | 622 | 31 % | 1 136 | 33 % |
| **Anna** | 68 | 3 % | 70 | 2 % |
| **Uoppgitt** | 170 | 8 % | 216 | 6 % |
| **Totalt** | **2 024** | **100 %** | **3 471** | **100 %** |

Merknad: Kortare studietilbod under 30 studiepoeng skil seg frå dei lengre tilboda frå og med 30 studiepoeng ved at studentane oftare er meldt opp til fleire korte tilbod i løpet av eit år. Til dømes var det totalt 2 324 individ og 3 471 oppmeldingar til kortare tilbod i 2023.
Vedlegg: T3.3
Kjelde: HK-dir/DBH-F

## 3.6 Opptaksgrunnlag

**Flest får opptak på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse**
Hausten 2023 var det om lag 17 300 *nye* studentar [3] som blei tatt opp til høgare yrkesfagleg utdanning. Dette er litt over 2 200 fleire nye studentar enn ved teljepunktet i 2022.

Som ein kan sjå i figur 3.13 er yrkesfagleg kompetanse framleis det vanlegaste opptaksgrunnlaget. 58 prosent (9 900) av dei nye studentane i 2023 hadde dette som opptaksgrunnlag. Det var ein auke på 1 100 (13 prosent) sidan 2022. Sidan 2017 har talet på nye studentar auka kvart år, men delen som kjem inn i høgare yrkesfagleg utdanning på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse har lege oppunder 60 prosent i heile perioden.

I 2023 var det 3 600 nye studentar med generell studiekompetanse som opptaksgrunnlag. Det var 350 fleire studentar enn året før. Delen med generell studiekompetanse har gått ned frå 27 prosent i 2017, til 21 prosent i 2023.

Delen som vert tatt opp til høgare yrkesfagleg utdanning basert på realkompetansevurdering aukar. I 2023 var det 3 200 med realkompetanse som opptaksgrunnlag, det var om lag 800 fleire enn året før. Sidan 2017 har talet studentar med realkompetanse auka frå 950 til 3 200, og som del av opptaksgrunnlaget til alle dei nye studentane har realkompetanse nesten blitt dobla, frå 11 til 19 prosent.

**Endra rapportering på opptaksgrunnlag**
I 2023 ble rapportering på opptaksgrunnlag endra for å vere meir i tråd med opptaksforskrifta. Variabelen anna kompetansegrunnlag vart fjerna, og erstatta med variablane utanlandsk utdanningsbakgrunn, høgare yrkesfagleg utdanning og spesielle opptakskrav. Endringa gir fagskulane meir relevante kategoriar å rapportere på, og vil gje betre og meir korrekte data om studentane sitt opptaksgrunnlag. Totalt utgjer nye studentar på desse variablane om lag 3 prosent av alle dei nye studentane i 2023.

---

[3] Med nye studentar meiner vi studentar som har starta på eit nytt studietilbod i høgare yrkesfagleg utdanning på hausten.

Figur 3.13 Nye studentar etter opptaksgrunnlag, haust 2017–2023




Merknad: 446 nye studentar i 2020 har ukjent opptaksgrunnlag, og vert ikkje vist i figuren. Anna kompetansegrunnlag vart fjerna hausten 2023. Studentar på kortare studietilbod er talt for heile året; dei som er talte på våren 2023 kan være registrert med anna kompetansegrunnlag.
Vedlegg: F3.13
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Det er klare skilnader i opptaksgrunnlag mellom dei ulike fagområda**
Dei faglege skilja i opptaksgrunnlag er tydelege, og varige over tid. Figur 3.14 viser at yrkesfagleg kompetanse er klart det viktigaste opptaksgrunnlaget for studentar innan helse- og velferdsfaga, samferdsel og tekniske fag. Det er i desse fagområda vi finn flest utdanningar som tydeleg bygger på dei vidaregåande yrkesfaga, så samanhengen og stabiliteten er føreseieleg. Tydelegast er denne samanhengen i helse- og velferdsfaga, der fagbrev og realkompetanse nesten er einerådande.

Innan tekniske fag er nesten kvar femte student (18 prosent) tatt opp på grunnlag av realkompetanse, ein auke på 4 prosentpoeng sidan 2022. I 2022 blei 15 prosent tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse, eitt prosentpoeng ned frå året før.  Data/IT-fag ligg under dei tekniske faga, men skil seg frå dei andre meir tradisjonelle tekniske faga når ein ser på opptaksgrunnlaget. Over 90 prosent av studentane på tekniske fag med opptak på grunnlag av generell studiekompetanse studerer data/IT-fag. Opptaksgrunnlaget for dei andre meir

tradisjonelle tekniske faga er i hovudsak yrkeskompetanse følgt av realkompetanse.

I samferdselsfaga er det i all hovudsak studentar i dei maritime faga som har fagbrev som opptaksgrunnlag, medan generell studiekompetanse er det vanlegaste opptaksgrunnlaget innan luftfartsfaga. I dei kreative faga er studentane i all hovudsak tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse. Sjølv om det finst ulike kreative studieretningar på vidaregåande, gir alle desse berre generell studiekompetanse.

Det er størst breidde i opptaksgrunnlaga til økonomi- og administrasjonsfag og anna fag. Her finn vi at medan yrkesfagleg kompetanse er den største kategorien, opptar generell studiekompetanse og realkompetanse ein betydeleg del av opptaksgrunnlaget.

Figur 3.14 Nye studentar etter opptaksgrunnlag per fagområde, haust 2023l




Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane. Anna kompetansegrunnlag vart fjerna hausten 2023. Studentar på kortare studietilbod er talt for heile året; dei som er talte på våren 2023 kan være registrert med anna kompetansegrunnlag.
Vedlegg: F3.14
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Opptaksgrunnlag og alder heng saman**
I Figur 3.15 ser vi korleis aldersfordelinga er mellom nye studentar hausten 2023, fordelt på dei ulike opptaksgrunnlaga. Det er ein overvekt av yngre studentar under 30 år som får opptak på grunnlag av generell studiekompetanse (63 prosent), spesielle opptakskrav (65 prosent) og høgare yrkesfagleg utdanning (52 prosent).

Til samanlikning ser vi at det er ein større del på 30 år eller eldre som får opptak på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse (59 prosent). For studentar tatt opp på grunnlag av utanlandsk utdanning, er fordelinga nær 50/50.

Studentar tatt opp på grunnlag av realkompetanse skil seg, som i fjor, ut frå dei andre studentane i større  grad i høve til alder. Om lag tre firedelar av studentane med opptak på grunnlag av realkompetanse er 30 år eller eldre. Dette er i tråd med forventingane, då ein med unntak av enkelte kunstutdanningar må vere fylt 23 år for å kunne bli tatt opp på grunnlag av realkompetanse.

Figur 3.15 Nye studentar ved studiestart etter opptaksgrunnlag og alder, haust 2023




Merknad: Seks studentar med anna kompetansegrunnlag er ikkje inkludert i figuren. Anna kompetansegrunnlag vart fjerna hausten 2023. Studentar på kortare studietilbod er talt for heile året; dei som er talte på våren 2023 kan være registrert med anna kompetansegrunnlag.
Vedlegg: F3.15
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Fleire får opptak på grunnlag av realkompetanse**

Fagskulane har i mange år hatt ein relativt høg del opptak på grunnlag av realkompetanse, særleg innan dei tradisjonelle yrkesfaga. Opptak på grunnlag av realkompetanse betyr at fagskulen vurderer om søkaren har kunnskap, ferdigheiter og kompetanse som svarar til opptakskrava for utdanninga, når studenten ikkje har dokumentert kompetanse frå vidaregåande nivå. Dette er ein måte å anerkjenne kompetanse på andre måtar enn gjennom det formelle utdanningssystemet.

Regjeringa har ei målsetting om auka bruk av realkompetansevurdering ved opptak til vidareutdanningstilbod ved både høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning (Kunnskapsdepartementet, 2023a). Med dei store utfordringane vi står overfor i dag, med eit høgt tal på menneske som står utanfor både utdanning og arbeid, samstundes som arbeidslivet treng fleire folk, vert det stadig viktigare å ta i bruk realkompetansevurdering for å bidra til å få folk utan formell kompetanse inn i arbeidslivet. Tala her viser at fagskulesektoren ligg godt an i dette arbeidet.

I 2023 blei heile 19 prosent av alle nye studentar, tilsvarande om lag 3 200, tatt opp på grunnlag av realkompetanse (jamfør figur 3.13 over). Dette er ein auke på 3 prosentpoeng i høve til opptaket av nye studentar i 2022. I Figur 3.16 ser vi korleis realkompetanse som opptaksgrunnlag i dei ulike fagområda har vore nytta i perioden 2017–2023. Det er særleg innan tekniske fag at det har blitt betydeleg auka bruk av realkompetanse som opptaksgrunnlag. Dei siste åra stod økonomi- og administrasjonsfaga for den største delen av studentane tatt opp på grunnlag av realkompetanse, men i 2023 gjekk tekniske fag forbi og står for over ein tredjedel (36 prosent) av desse studentane.

Figur 3.16 Nye studentar tatt opp på grunnlag av realkompetanse fordelt på fagområde, haust 2017–2023




Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.
Vedlegg: F3.16
Kjelde: HK-dir/DBH-F

Tekstboks 2 Realkompetansevurdering som opptaksgrunnlag

**Kva er realkompetanse?**
Realkompetanse er kompetanse du har opparbeidd deg gjennom erfaring frå jobb, utdanning, kurs og interesser. Ei realkompetansevurdering er prosessen å vurdere og verdsetje denne kompetansen, og dermed ein moglegheit til å få anerkjenning for denne erfaringa.

Realkompetanse kan erstatte nokre av faga du treng for å oppnå yrkeskompetanse, og vert vurdert som like verdifullt som bestått utdanning. Erfaringa di er viktig! Det finst nokre unntak der realkompetansevurdering ikkje kan brukast for opptak som gjeld yrkesgodkjenning, autorisasjon eller sertifisering etter anna lovgiving.

Realkompetansesøkjarar kan ikkje poengbereknast og får derfor ei individuell skjønnsmessig vurdering av eigen dokumentert kompetanse. Alle som søkjer opptak på bakgrunn av realkompetanse må kartleggja og dokumentera si eiga erfaring. Eksemplar på dokumentasjon kan være utfyllande attest frå arbeidsgjevar, samtale/intervju, digitale medium som viser teknisk arbeid med meir.

Kvar enkelt fagskule har eigne reglar for kva som er godkjent realkompetanse til egne utdanningar. Derfor er det viktig å kontakte kvar enkelt institusjon for meir informasjon om kva dei krev av deg som søkjer i ein slik prosess.

På Utdanning.no og Samordnaopptak.no kan ein lese meir om realkompetansevurdering.

**Rettleiar for bruk av realkompetansevurdering**
Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) arbeider for å fremja bruken av realkompetansevurdering og har fleire tiltak for kompetanseheving retta mot ansvarlege institusjonar. HK-dir har mellom anna utvikla rettleiarar for opptak og fritak i høgare yrkesfagleg utdanning på bakgrunn av realkompetansevurdering. Rettleiarane og annan informasjon retta mot institusjonar som forvaltar ordning for realkompetansevurdering, finst på https://hkdir.no/realkompetansevurdering

Kjelde: HK-dir

## 3.7 Uteksaminerte studentar

I 2023 blei det uteksaminert rett under 11 400 studentar, om lag 1 200 (12 prosent) fleire enn i 2022. Dette er meir enn ei dobling av talet på uteksaminerte studentar sidan 2017, samt ein markant auke samanlikna med 2022 - då den tilsvarande auken frå 2021 var om lag 300 uteksaminerte studentar. Alle som har fullført eit heilt vitnemålsgjevande utdanningstilbod vert rekna som ein uteksaminert student. Det kan være alt frå ei gradsutdanning på to år, til eit vitnemålsgjevande tilbod på til dømes fem studiepoeng.

**Talet på uteksaminerte studentar aukar framleis**
Figur 3.17 viser talet på uteksaminerte studentar i 2023, fordelt på fagområde. Det er ein markant oppgang uteksaminerte studentar i 2023 samanlikna med tidlegare år, men denne auken er ikkje fordelt likt på dei forskjellige utdanningsområda. I vedlegg F3.17 finn ein tal frå 2017 frem til 2023; i det følgjande vil desse tala bli kommentert.

I hovudsak er det innan tekniske utdanningar, og først og fremst på kortare studietilbod, vi ser den største auken. Det blei uteksaminert over 400 (93 prosent) fleire studentar på kortare tekniske studietilbod i 2023 samanlikna med 2022. Samstundes blei det uteksaminert om lag 440 fleire på høgare fagskulegrader (25 prosent auke) og om lag 220 fleire på fagskulegrader (48 prosent auke). Til saman står tekniske fag for om lag 90 prosent av dei litt over 1 200 fleire uteksaminerte studentane i 2023. Auken fordeler seg relativt jamt på dei tekniske utdanningstypane bygg og anlegg (286 fleire studentar), Data-IT (387), elektro/energi (234) og industri/kjemi (240).

Tekniske utdanningar er blant dei fagskuleutdanningane det er størst etterspørsel etter. Med utviklingstrender som grøn og digital omstilling, er det naturleg at mykje av kompetansehevinga må skje i arbeidslivet for å dekke kompetansebehova (Kompetansebehovsutvalget, 2023). Det at det er ein så stor auke for kortare studietilbod innanfor tekniske fag, kan tyde på at fagskulane bidreg til nettopp dette.

Medan talet på uteksaminerte studentar innan helse og velferd og kreative fag held seg meir eller mindre stabilt, ser vi ein *nedgang* for både økonomi og administrasjon og samferdsel. For samferdsel skuldast nedgangen i hovudsak færre uteksaminerte studentar innan høgare fagskulegrader - ned om lag 140 studentar, eller 27 prosent, samanlikna med 2022. For økonomi og administrasjon

finn vi den største nedgangen på kortare studietilbod, med nesten ei halvering av talet på uteksaminerte studentar både i 2022 og 2023. For helse og velferd ser vi òg ei markant endring i uteksaminerte på kortare studietilbod, nesten 50 prosent nedgang frå 2022 (frå 456 til 234 studentar). Til gjengjeld aukar talet på studentar med fagskulegrad innan helse og velferd med om lag 17 prosent (270 studentar).

Figur 3.17 Uteksaminerte studentar med fagskulegrad og høgare fagskulegrad per fagområde, 2023




Merknad: stp = studiepoeng. Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.
Vedlegg: F3.17
Kjelde: HK-dir/DBH-F

## 3.8 Studiepoengproduksjon og fullføring på normert tid

**Kva fortel studiepoeng og fullføring oss?**
I kor stor grad studentar fullfører utdanninga si på normert tid er mykje brukt som mål på kvaliteten i utdanningar. Studentane sin suksess, blir eit mål på fagskulane sin suksess. Samstundes er det eit mål at ein ikkje skal bruke lengre tid på utdanninga enn naudsynt, då ein tradisjonelt ikkje er produktiv i arbeidsmarknaden når ein er student.

Samstundes som vi ser på fullføringsgrad som ein indikator på kvalitet, er det eit stort fokus på å gjere utdanning meir tilgjengeleg for fleire, noko som òg tilseier auka fleksibilitet i alle moglege formar. I fagskulesektoren har vi til dømes sett eit stort skifte i retning av fleire deltidsstudentar, og studentane har ein god tilknyting til arbeidslivet både før, under og etter studiet. Auka grad av fleksibilitet i utdanningane utfordrar tanken om normert tid som eit mål på kvalitet. Fleksibel studiestart gjennom heile året, moglegheit til å skifte mellom deltid og heiltid eller stad- og nettbasert, eller moglegheita til å ta ein, to eller fleire modular suksessivt eller når det måtte passe; dette er formar for fleksibilitet som gjer det enkelt for arbeidstakarar å hoppe på og av utdanningstilbod, men som utfordrar fullføring på normert tid som eit mål på kvalitet. Det er derfor nyttig å sjå i kva grad studentane fullfører utdanninga si både eitt og to semester etter normert tid.

Før vi ser på tala for fullføring på normert tid pluss eitt og to semester, vil vi sjå nærare på studiepoengproduksjonen som ein alternativ indikator på kvalitet og kor godt fagskulane leverer. Ved å sjå på den samla studiepoengproduksjonen i lys av den forventa produksjonen kvart år, reknar vi alle avlagte eksamenar, uavhengig av om heile utdanningstilbodet er fullført eller ikkje.

**Nedgang i forventa studiepoengproduksjonen under pandemien**
Tabell 3.4 syner kor mange studiepoengeiningar [4] som var venta avlagt per år, på grunnlag av kva tilbod studentane var melde opp til, og kor mange studiepoengeiningar som vart avlagt same året.

Vi ser at over 80 prosent av alle forventa studiepoeng vert avlagte kvart år, med unntak av i 2020 og 2021. Den lågare andelen produserte studiepoeng i desse åra, heng nok saman med pandemien, og vi kan vente å sjå dette igjen som lågare

---

[4] Ein studiepoengeining er 60 studiepoeng, tilsvarande eitt års studiar på full tid.

fullføring på normert tid i åra etter. Vi veit at dei fleste studentane studerer på deltid og på utdanningar over eitt eller to år. Derfor vil mange av studentane som studerte i 2020 og 2021 ha normert tid for fullføring i 2022 og 2023. På same måte kan vi vente at fullføringstala vil auke igjen etter 2023, ettersom dagens studentar har ein like høg studiepoengproduksjon som studentane før pandemien. Når vi ser på andel produserte studiepoeng kvart år, kan vi truleg sjå konsekvensen av fråfall tidlegare enn når vi ventar til normert tid.

Tabell 3.4 Forventa og produserte studiepoengeiningar, 2017–2023

| År | Forventa studiepoengeiningar | Produserte studiepoengeiningar | Andel av forventa |
|---|---|---|---|
| **2017** | 10 908 | 9 092 | 83 % |
| **2018** | 11 317 | 9 191 | 81 % |
| **2019** | 12 124 | 10 262 | 85 % |
| **2020** | 14 242 | 11 286 | 79 % |
| **2021** | 16 841 | 13 013 | 77 % |
| **2022** | 17 533 | 14 239 | 81 % |
| **2023** | 18 683 | 15 463 | 83 % |

Merknad: Ein studiepoengeining er 60 studiepoeng, tilsvarande eitt års studiar på full tid.
Vedlegg: T3.4
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Lågare fullføring for kulla som starta under pandemien**
I tabell 3.5 ser ein årstal for normert tid og talet på studentar som har venta normert tid på fullføring av si utdanning det aktuelle året. Vi har òg inkludert normert tid pluss eit semester og eit år for å ta omsyn til forseinkingar og fleksible utdanningar, og for å få tal som er meir stabile og samanliknbare.

Tabellen viser at fullføring på normert tid pluss eitt semester låg på 59 prosent i 2023. Dette er ein tydeleg nedgang samanlikna med åra før. Fullføringa har i grunnen gått jamt nedover med eitt prosentpoeng frå 66 prosent i 2019 til 63 prosent i 2022, og ned fire prosentpoeng siste året.

Den store nedgangen i fullføringstala vi ser i 2023 er, som forklara over, noko ein kunne forvente. Studentane produserte færre studiepoeng enn forventa ut frå oppmeldingar i 2020 og 2021, og har då ikkje kome i mål med utdanninga på normert tid pluss eit semester i 2023. Det blir interessant å sjå om ein større del av desse studentane klarer å fullføre innan normert tid pluss eit år.

Tabell 3.5 Fullføring på normert tid + 1 år, 2018–2023

| Årstal normert tid | Antal opptatte studentar | Andel fullført på normert tid | Andel fullført på normert tid + 1 semester | Andel fullført på normert tid + 1 år |
|---|---|---|---|---|
| **2018** | 8 332 | 59 % | 65 % | 67 % |
| **2019** | 7 439 | 64 % | 66 % | 68 % |
| **2020** | 8 535 | 59 % | 65 % | 67 % |
| **2021** | 9 734 | 61 % | 64 % | 66 % |
| **2022** | 10 430 | 58 % | 63 % | 64 % |
| **2023** | 11 294 | 58 % | 59 % | . |

Merknad: Nokre fagskular og fag er ekskludert frå fullføringstala grunna enkelte utfordringar knytt til registrering og rapportering. Dette er omtala i merknaden til vedleggstabellen.
Vedlegg: T3.5
Kjelde: HK-dir/DBH-F

Som alltid er det variasjonar i graden av fullføring mellom dei ulike fagområda. Figur 3.18 viser fullføring på normert tid pluss eit år, det vil seie at tala for 2023 manglar eit semester. Som vi ser av tabell 3.5 kan ein forvente 1-2 prosentpoeng auke i tala når tal for siste semester blir lagt til.

Det er ein nedgang i fullføring innan alle fagområde, med unntak av tekniske fag og kategorien anna som ligg på nivå med tidlegare år. Det er jamvel store variasjonar mellom ulike tekniske fag. Elektro/energi kjem godt ut med 73 prosent, medan petroleumsfaga ligg lågast med 35 prosent fullføring.

Nedgangen er mest markant i samferdselsfaga, frå 79 til 67 prosent, sjølv om dei framleis ligg relativt høgt i fullføringsgrad i høve til andre fagområde. Nedgangen er òg synleg i dei maritime faga. Det er mogleg at nedgangen kan knytast til pandemien. Desse faga vert i all hovudsak tilbydd som stadbaserte fulltidsutdanningar over to år. Saman med eit stort innslag av simulatortrening, er det nærliggande å tenke seg at det er fleire av studentane som starta på utdanningane under pandemien som anten har slutta eller er forseinka. Stadbasert og fulltid er variablar som til vanleg heng saman med høg fullføringsgrad, men gitt utfordringane pandemien baud på, er det ikkje unaturleg at dette fekk ein motsett verknad i desse åra.

Helse- og velferdsfaga har framleis ei låg gjennomføring. Som tidlegare år er det helseutdanningane som ligg lågast med 49 prosent, ein nedgang frå 56 prosent i

2022. Oppvekstfaga har ein fullføringsgrad på 61 prosent, mot heile 69 prosent året før. Dette er eit fagområde der dei aller fleste tilboda er 60 studiepoeng deltid. Det vil seie at dei som var venta fullført våren 2023 starta på utdanninga hausten 2021.

Dei kreative faga har òg ein markant nedgang frå eit stabilt, høgt nivå tidlegare år. Det er store variasjonar mellom dei ulike fagskulane på dette fagområdet. Medan nokre har ei styrka fullføring, er det andre som har ein nedgang. Det er særleg Fagskulen Kristiania som har ein markant nedgang i fullføringstala som påverkar det samla bilete.

Faggruppa anna har lege stabilt kring 67 prosent dei siste tre åra. I denne kategorien finn vi dei grøne faga, mat og drikke, religion og skjønnhetspleie.

Figur 3.18 Fullføringsgrad på normert tid + 1 år per fagområde for utdanningstilbod mellom 30 og 120 studiepoeng, 2021–2023




Merknad: Tala for 2023 viser normert tid + 1 semester. Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane. Nokre fagskular og fag er ekskludert frå fullføringstala grunna enkelte utfordringar knytt til registrering og rapportering. Dette er omtala i merknaden til vedleggstabellen og i metodekapitelet.
Vedlegg: F3.18
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Særleg utfordrande for dei nettbaserte tilboda**
Vi ser ein stor nedgang i fullføringstala for dei nettbaserte tilboda som no er nede på 45 prosent fullføring, mot 51 prosent for samanliknbar periode i 2022. Vi ser derimot at fullføringa aukar ein del for dei nettbaserte tilboda når vi tel med det ekstra semesteret for å ta høgde for varierande studiestart, og fullføringa for 2022 endar på 56 prosent som vi ser av figur 3.19.

Studentane på helse- og velferdsfaga utgjer ein stor del av studentane på nettbaserte tilbod. Den låge fullføringa på nettbaserte tilbod må derfor sjåast i samanheng med utfordringar knytt til denne studentgruppa spesielt. Både høgare alder og jobbtilhøve kan tenkast å vere forklarande faktorar på låg fullføring, i tillegg til utdanningsforma nettbasert i seg sjølv. Dei nettbaserte studentane på helse- og velferdsfaga har ei fullføring på berre 40 prosent i 2023.

Til samanlikning har dei nettbaserte studentane i økonomi- og administrasjonsfaga ei fullføring på 54 prosent. I dei tekniske faga, som her i all hovudsak er data/IT-fag, er fullføringa på 63 prosent. Desse to siste gruppene utgjer ein mykje mindre del av studentmassen enn helse- og velferdsstudentane.

Utdanningsformane stadbasert og nettbasert med samlingar har begge gått ned til høvesvis 63 og 61 prosent, frå høvesvis 67 prosent og 65 prosent i 2022. Særleg for dei stadbaserte tilboda kan ei mogleg forklaring vere overgangen til ulike nettløysingar under pandemien. Fleire av faga som har stadbasert undervisning har mykje bruk av utstyr som kan vere vanskeleg å overføre til nett. Dette kan likevel ikkje vere heile forklaringa. Det er særleg samferdsel og økonomi- og administrasjonsfaga som trekk ned fullføringstala for dei stadbaserte tilboda. Dei stadbaserte tekniske faga har ein fullføringsgrad på 66 prosent, medan dei stadbaserte helse- og velferdsfaga ligg på 62 prosent fullføring.

Figur 3.19 Fullføringsgrad på normert tid + 1 år etter utdanningsform for utdanningstilbod mellom 30 og 120 studiepoeng, 2021–2023




Merknad: Tala for 2023 viser normert tid + 1 semester. Nokre fagskular og fag er ekskludert frå fullføringstala grunna enkelte utfordringar knytt til registrering og rapportering. Dette er omtala i merknaden til vedleggstabellen og i metodekapitelet.
Vedlegg: F3.19
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Framleis høgare fullføring for heiltidsstudentane**

Heiltidsstudentane har til vanleg hatt ein høgare fullføringsgrad enn det deltidsstudentane har hatt. Det har dei framleis, sjølv om fullføringsgraden for alle studentar går ned. Figur 3.20 viser fullføringsgraden på heiltid og deltid dei tre siste åra.

Fullføringsgraden på heiltid låg på rundt 70 prosent i 2021 og 2022, men det siste året gjekk han ned til 66 prosent. For deltidsstudentane har fullføringsgraden gått ned begge dei to siste åra, og gjekk frå 64 prosent i 2021 til 56 prosent i 2023.

Desse endringane heng tydeleg saman med endringane vi såg på dei ulike fagområda i figur 3.18 over. Av heiltidsstudentane utgjer studentane på fag og samferdselsfag ein stor del. Den låge fullføringsgraden i desse fagområda bidreg derfor mykje til den store nedgangen i fullføring i heiltidsutdanningane. Nedgangen i fullføring for deltidsutdanningane heng saman med dei låge tala for helse- og velferdsfaga.

Figur 3.20 Fullføringsgrad på normert tid + 1 år etter heiltid og deltid, for utdanningstilbod mellom 30 og 120 studiepoeng, 2021–2023




Merknad: Tala for 2023 viser normert tid + 1 semester. Nokre fagskular og fag er ekskludert frå fullføringstala grunna enkelte utfordringar knytt til registrering og rapportering. Dette er omtala i merknaden til vedleggstabellen og i metodekapitelet.
Vedlegg: F3.20
Kjelde: HK-dir/DBH-F

## 3.9 Overgangar mellom fagskular og universitet/høgskular

Kvart år vel nokre av studentane som er uteksaminert frå høgare yrkesfagleg utdanning å bli student ved eit universitet eller ein høgskule. På same måte er det kvart år studentar som startar på ein høgare yrkesfagleg utdanning som har bakgrunn frå eit universitet eller høgskule.

Overgangsordningane for studentar som flyttar seg mellom dei to utdanningssektorane er ikkje godt utvikla eller koordinert på tvers av institusjonar. Dette kan tidvis føre til unødige utfordringar for dei som ønskjer å bevege seg på tvers av sektorar. I fagskulemeldinga (Meld. St. 9 (2016–2017)) blei det presentert fleire tiltak for å legge til rette for overgangar mellom høgare yrkesfagleg utdanning og universitet/høgskular.

I 2021 lyste Diku (no HK-dir) ut slike midlar til samarbeidsprosjekt mellom fagskular og universitet/høgskular. Per april 2024 er alle prosjekta avslutta. Samarbeidsprosjekta har bidratt til betre forståing ved universitet og høgskular av kva høgare yrkesfagleg utdanning er, samstundes som at det er element i lov og

forskrift knytt til opptak og godkjenning av delar av utdanninga som kan vere til hinder for likebehandling og føreseielegheit for søkarar. For å unngå unødige hindringar for godkjenning av allereie oppnådd læringsutbyte, peiker samarbeidsprosjekta på at det bør sjåast nærare på forståinga av studiepoengomgrepet i UH og HYU; kva formar for høgare yrkesfagleg utdanning som kan kvalifisere til opptak til bachelorutdanning; og tilrettelegging for meir informasjons- og erfaringsdeling om overgangsordningar.

**Overgang frå universitet eller høgskule til høgare yrkesfagleg utdanning**
Vi veit lite om kva som ligg til grunn for at studentar tidlegare registrert ved eit universitet eller ein høgskule vel å søkje seg til høgare yrkesfagleg utdanning. Det kan til dømes vere at dei ønskjer å utvide kompetansen sin med ei praktisk retta utdanning for å lettare å kome ut i arbeid, eller betre møte kompetansebehova innan feltet dei allereie jobbar innan. Det kan også tenkast at det er studentar som har valt feil, og heller ønsker ei anna og meir yrkesretta utdanning.

Andelen studentar i høgare yrkesfagleg utdanning som tidlegare har vore registrert som student ved ein høgskule eller et universitet ligg på om lag 26 prosent i 2023, ein liten oppgang på 2 prosentpoeng frå året før, og den høgste registrerte andelen i perioden 2017-2023.

I Figur 3.21 ser vi kor stor del av studentane innanfor dei forskjellige fagområda i høgare yrkesfagleg utdanning som òg har bakgrunn frå eit universitet eller ein høgskule.

Figur 3.21 Andel fagskulestudentar tidlegare registrert ved UH-institusjon, fordelt på fagområde, 2017–2023




Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.
Vedlegg: F3.21
Kjelde: HK-dir/DBH-F

Med unntak av samferdsel, ser vi ei jamn auke over tid i andelen med bakgrunn frå universitet eller høgskule innan alle fagområda. Den høgaste andelen finn vi innan økonomi og administrasjon, med 38 prosent i 2023. Andelen er framleis noko lågare enn toppunktet i 2021 (39 prosent), men høgare enn fjoråret (37 prosent), og ligg konsekvent høgare enn dei andre fagområda. I tal på studentar representerer dette ein auke på omtrent 200 studentar samanlikna med fjoråret. Kandidatundersøkinga til NIFU viser at mange av studentane innan økonomi- og administrasjonsfaga bruker utdanninga som ei omskolering (Alne, m.fl., 2023), men vi veit ikkje om dette spesifikt gjeld studentane med UH-bakgrunn.

Vi ser derimot at andelen med UH-bakgrunn i dei kreative faga no er nesten like høg som for økonomi og administrasjon, på heile 37 prosent i 2023, noko som utgjer 940 studentar totalt. Andelen med UH-bakgrunn innan kreative fag er òg den som har auka mest dei siste åra, med ein oppgang på 8 prosentpoeng sidan 2021. Det er verdt å merke at i faktiske studenttal er dette ein auke på rett i overkant av 50 studentar på to år. Den høge andelen studentar i kreative fag med

bakgrunn frå UH er eit døme på at dei kreative faga skil seg frå andre fagskuleutdanningar når det gjeld kven dei rekrutterer og deira motivasjon for å ta utdanning innan kreative fag.

Innan dei to største fagområda, helse og velferd og teknisk, ser vi framleis auke i 2023, med andel studentar med bakgrunn frå UH-sektoren på høvesvis 21 og 23 prosent. Dette representerer ein oppgang på høvesvis 1 og 3 prosentpoeng frå fjoråret, om lag 320 og 590 studentar. Der andelen lenge var høgast på helse og velferd, ligg no teknisk hakket over etter mange år med jamn auke. Det er verdt å merke at for tekniske fag har andelen meir enn dobla seg sidan 2017, då andelen låg på 9 prosent, noko som utgjer ein auke på rett i underkant av 2500 studentar. Denne tendensen ser ut til å halde fram.

Til slutt ser vi at det er færrast studentar med bakgrunn frå universitet og høgskular innan samferdselsfaga (10 prosent), og at denne andelen ser ut til å minke, i motsetning til dei andre fagområda. Sjølv om vi ser ein marginal auke på 1 prosentpoeng frå fjoråret, har andelen gått ned 3 prosentpoeng sidan 2020. Her er det viktig å merke at samferdselsfaga utgjer den minste andelen av studentmassen i fagskulesektoren, med rett under 1 400 studentar. Ein relativt liten oppgang eller nedgang i talet studentar med bakgrunn frå høgare utdanning vil dermed gi større utslag i form av prosentvis endring. Til dømes utgjer nedgangen på 3 prosentpoeng frå 2020 om lag 70 studentar.

**Studentar registrert ved eit universitet eller ein høgskule etter avslutta høgare yrkesfagleg utdanning**

Overgangar frå høgare yrkesfagleg utdanning til utdanning ved universitet og høgskule, handlar nok fyrst og fremst om eit ønskje om vidare utdanning på høgare nivå. Innan dei kreative faga veit vi at det er fleire som bruker høgare yrkesfagleg utdanning som eit utgangspunkt for å kvalifisere seg til ein kunstutdanning på kunsthøgskule. Innan tekniske fag veit vi òg at det er ein del studentar som søkjer seg inn på ingeniørutdanningar etter at dei har fullført ein høgare fagskulegrad (UHR, 2021).

Tabell 3.6 viser tal på uteksaminerte fagskulekandidatar det året dei vart uteksaminert, og kor mange av desse som seinare er registrerte som student ved eit universitet eller høgskule. Av dei rundt 9 600 studentane som avslutta ein høgare yrkesfagleg utdanning på 30 studiepoeng eller meir i 2023, var det rett i underkant av 900 som gjekk vidare til anna høgare utdanning. Biletet er nokolunde likt for kvart kull. Om lag ti prosent går vidare same året dei er ferdige,

og så aukar talet litt for kvart år som går. Av studentane som vart uteksaminert i 2017 er det no 23 prosent som har gått vidare til eit universitet eller høgskule.

Tabell 3.6 Fagskulekandidatar med fullført utdanningstilbod over 30 studiepoeng, seinare registrerte ved UH-institusjon, 2017–2023

| Årstal | Tal på fagskulekandidatar | Tal på fagskulekandidatar seinare registrert ved UH (per 15. mars 2023) | Andel fagskulekandidatar seinare registrert ved UH |
|---|---|---|---|
| **2017** | 5 618 | 1 278 | 23 % |
| **2018** | 6 094 | 1 239 | 20 % |
| **2019** | 6 145 | 1 232 | 20 % |
| **2020** | 7 013 | 1 412 | 20 % |
| **2021** | 8 265 | 1 411 | 17 % |
| **2022** | 8 865 | 1 180 | 13 % |
| **2023** | 9 655 | 892 | 9 % |

Vedlegg: T3.6
Kjelde: HK-dir/DBH-F

I tabell 3.7 ser vi nærare på andel overgangar i høve til talet på uteksaminerte per fagområde i 2023. Det er klart ein størst andel av studentane innan kreative fag som går vidare til anna høgare utdanning same året som dei avsluttar si høgare yrkesfaglege utdanning. Heile 19 prosent av alle som vart uteksaminert frå kreative utdanningar i 2023, vart registrert ved eit universitet eller høgskule same år – ei 3 prosentpoeng auke frå året før. I økonomi- og administrasjonsfaga var det 11 prosent av dei uteksaminerte som gjekk direkte vidare, medan det i helse- og velferdsfaga var åtte prosent.

Tabell 3.7 Fagskulekandidatar med fullført utdanningstilbod over 30 studiepoeng, seinare registrerte ved UH-institusjon, fordelt på fagområde 2023

| Fagområde | Tal på fagskulekandidatar | Tal på fagskulekandidatar seinare registrert ved UH | Andel fagskulekandidatar seinare registrert ved UH |
|---|---|---|---|
| **Helse og velferd** | 2 431 | 198 | 8 % |
| **Kreativ** | 1 137 | 218 | 19 % |
| **Samferdsel** | 536 | 16 | 3 % |
| **Teknisk** | 3 215 | 188 | 6 % |
| **ØkAdm** | 1 931 | 217 | 11 % |
| **Anna** | 399 | 55 | 14 % |
| **Uoppgitt** | 6 | 0 | 0 % |
| **Totalt** | **9 655** | **892** | **9 %** |

Vedlegg: T3.7
Kjelde: HK-dir/DBH-F

# 4 Fagskular og utdanningstilbod

Høgare yrkesfagleg utdanning skal halde høg kvalitet og vere tilgjengeleg i heile landet. Fagskulemeldinga frå 2017 ga ei tydeleg føring for den institusjonelle utviklinga i høgare yrkesfagleg utdanning, der fagskulane vart oppfordra til både samarbeid og fusjonar. Det vart fremja at «Større enheter kan gi større faglig tyngde og kapasitet i fagmiljøene, i studentdemokratiene og i ledelse og administrasjon, noe som på sikt vil bidra til økt kvalitet i utdanningen.» (Meld. St. 9 (2016–2017), s. 56).

I åra etter stortingsmeldinga har vi sett at mange fagskular har slått seg saman og blitt større. Både fylkeskommunale og private fagskular har tatt oppmodinga og samla seg til større einingar, men i stor grad halde på dei ulike studiestadane, og i tillegg oppretta nye. Resultatet er ein større breidde i utdanningstilboda, både når det gjeld faginnhald, omfang og modellar for gjennomføring.

I 2023 tel vi 60 fagskular, 16 offentlege og 44 private, med 175 studiestader og 1866 utdanningstilbod. Bak tala ser vi ein mangfaldig sektor, med store variasjonar innan storleik, geografisk spreiing, eigarform, fagleg tilbod, med meir.

## 4.1 Fagskular og studiestader

Kvart år ser vi institusjonelle endringar i høgare yrkesfagleg utdanning. Nye fagskular kjem til, nokre blir lagde ned, medan andre fagskular vert slått saman eller splitta opp. Talet på studiestadar endrar seg òg kvart år, og til og med i løpet av året. Difor opererer vi med eit augneblinksbilete på hausten når vi tel fagskular og studiestadar.

At fagskulesektoren er dynamisk, og jobbar i tett samarbeid med arbeidslivet om korleis møte kompetansebehova, er ein klar styrke. Det er ein fordel at det vert etablert studiestader for å svare på kompetansebehovet der det er, og i den perioden behovet er der. Vi ser òg at nye aktørar opprettar fagskular for å svare ut «kompetansehull» i arbeidslivet, døme på dette er mellom anna innan oppvekstfag (Fagskolen Din Kompetanse), IT-fag (Get Academy) og teknisk område (Brann- og redningsskolen).

Samanslåingane gir meir robuste einingar med større fagmiljø. Samstundes veit vi at det er både krevjande og utfordrande med samanslåingsprosessar. Det

same kan ein seie om oppsplittingar, som vi no kan møte etter fylkesoppsplittingar.

Viss ein tek eit steg tilbake, teiknar det seg eit bilete av ein mangfaldig og dynamisk sektor, der institusjonane i tida etter meldinga i 2017 har manøvrert mellom det å svare ut ytre forventningar frå samfunnet som arbeidslivets skule, handtere ein kraftig vekst i studenttalet og utvikling i utdanningstilbodet, og bygge opp institusjonar som evnar å vere fleksible. I det vidare skal vi sjå nærare på institusjonane som utgjer sektoren.

**Endringar i institusjonsbilete i 2023**
Hausten 2023 var det 60 fagskular som rapporterte aktivitet på 175 studiestader. Det er to fleire fagskular enn i 2022, og fem fleire studiestader. Veksten i studiestader heng saman med at fagskulane etablerer studiestadar der det finst kompetansebehov.

I 2023 vart *éin* ny fagskule akkreditert. Norsk fjellfagskole AS fekk vilkårsbunden vedtak i juni 2023 om å starte opp ei utdanning på 180 studiepoeng. Fagskulen har ikkje rapportert inn aktive studentar for hausten 2023.

Tre av fagskulane som vart registrerte som nye fagskular utan studentar i 2022, har registrert aktive studentar i 2023. Dette er Fagskolen Diakonova, Fagskolen Get Academy AS og Neste steg Norge AS. Den nye Brann- og redningsskolen hadde opptak av studentar først i januar 2024.

Institusjonsendringane har dei siste åra i hovudsak vore knytt til samanslåingar eller oppkjøp, både som følgje av regionsreforma, men òg oppfølging av fagskulemeldinga. Utviklinga vi ser underbyggjer at samanslåingane har handla om forbetring og mogeleg effektivisering av styring og administrasjon, og ikkje nedlegging eller sentralisering. Med andre ord har ikkje samanslåinga gått på kostnad av fagskulane sitt nærvære i bygd og by.

I 2023 ser vi at prosessen med fylkeskommunale samanslåingar er avslutta. Samstundes har fylkesoppsplittingar ført til nye endringar. I 2023 vart det vedtatt at Fagskulen i Nord blir delt i 2024, medan Fagskolen i Viken og Fagskolen Vestfold og Telemark får høvesvis tre og to fylkeskommunar som eigarar i 2024.

**Store skilnader i institusjonsbiletet mellom fylkeskommunane**
Tabell 4.1 viser talet på fagskular og studiestader i dei ulike fylka. Den enkelte fagskule vert plassert i det fylket der hovudeininga er registrert, medan ein studiestad er alle stader undervisning vert gjennomført som ikkje er ved hovudeininga. Studiestaden kan til dømes vere plassert tett til eller hos ei eller fleire bedrifter, på eit museum eller fartøyvernsenter, ved eit studiesenter eller ved eit anna høveleg lokale i nærleiken av der studentane bur eller jobbar. Fleire fagskular, både offentlege og private, har studiestader i fleire fylke. Til dømes har Folkeuniversitetets Fagskole AS, som har hovudadministrasjon i Oslo, studiestader i heile ni fylke (Agder, Nordland, Rogaland, Troms og Finnmark, Trøndelag, Vestfold og Telemark, Vestland, Viken og Oslo). Medan Fagskolen i Viken, som har hovudadministrasjonen i Viken, har studiestader i fem fylke (Møre og Romsdal, Nordland, Trøndelag, Vestland og Viken).

Av dei 60 fagskulane vi hadde hausten 2023, var 16 offentlege og 44 private. Dei offentlege fagskulane består av elleve fylkeskommunale, fire statlege, og ein som er eigd av helseføretaka.

Tabell 4.1 Fagskular og studiestader per fylke, haust 2023

| Fylke | Fagskular | Studiestader |
|---|---|---|
| **Agder** | 4 | 11 |
| **Innlandet** | 5 | 13 |
| **Møre og Romsdal** | 2 | 4 |
| **Nordland** | 2 | 14 |
| **Oslo** | 17 | 27 |
| **Rogaland** | 4 | 14 |
| **Troms og Finnmark** | 1 | 9 |
| **Trøndelag** | 5 | 22 |
| **Vestfold og Telemark** | 9 | 15 |
| **Vestland** | 4 | 23 |
| **Viken** | 7 | 23 |
| **Totalt** | **60** | **175** |

Vedlegg: T4.1
Kjelde: HK-dir/DBH-F

Med 17 fagskular og 27 studiestader, er Oslo det fylket som har flest fagskular og studiestader. På andre plass finn ein Vestfold og Telemark med ni fagskular og femten studiestader. Det er flest fagskular i austlandsområdet frå Vestfold og Telemark opp til Trøndelag, medan talet er noko lågare frå Agder og opp vestlandskysten. Færrast fagskular er det i dei to nordlegaste fylka og Møre og Romsdal.

Når vi ser på talet på studiestader vert biletet noko meir nyansert. Til dømes er det 14 studiestader i Nordland, medan Troms og Finnmark berre har åtte, sjølv om folketal og geografi er samanliknbart. Møre og Romsdal har færrast studiestader med sine fire, medan Agder som er samanliknbart i høve til folketal og areal, har 11 studiestader.

I figur 4.1 får vi eit visuelt oversyn over den geografiske fordelinga av offentlege og private fagskular. Her ser vi det geografiske skiljet som er omtalt over. Det er størst spreiing på dei offentlege fagskulane. Her finst det ein fylkeskommunal fagskule per fylke, i tillegg til statlege fagskular i Vestland, Oslo, Vestfold og Innlandet. Av private fagskular finst det ingen som ligg lengre nord enn Brønnøy, og brorparten av desse er konsentrert rundt dei store byane. Av dei tre nye fagskulane med studentar i 2023 ligg to i Oslo og ein i Larvik.

Figur 4.1 Geografisk plassering av offentlege og private fagskular, 2023




Merknad: Storleiken på ringane indikerer talet på fagskular i den einskilde kommune.
For interaktivt kart, sjå: https://dbh.hkdir.no/static/files/dokumenter/fagskole/2024/fagskule_kart.html
Kjelde: HK-dir/DBH-F

Av figur 4.2 ser vi at fagskulane likevel er til stades i distriktet.  Auken i studiestader er spreidd over heile landet, og både Innlandet, Oslo, Rogaland, Troms og Finnmark, Trøndelag og Viken har fleire studiestader hausten 2023 enn i 2022.

Det er skilnad mellom private og offentlege institusjonar når det gjeld spreiing av studiestader. Nord for Nordland finst det berre to private studiestader, begge i Tromsø, men seks offentlege fordelt på seks ulike stader. På Sørlandet er det annleis, med fem private og berre to offentlege studiestader i Agder fylke.

For studentane handlar tilkomst til utdanning ikkje berre om kor studiestadane ligg, men òg om tilgangen til nett- og samlingsbaserte tilbod slik vi såg i kapitla 3.2 og 3.5 (figur 3.3).

Figur 4.2 Geografisk plassering av studiestader ved offentlege og private fagskular, 2023




Storleiken på ringane indikerer talet på studiestadar i den einskilde kommune.
For interaktivt kart, sjå:
https://dbh.hkdir.no/static/files/dokumenter/fagskole/2024/studiestad_kart.html
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Stor auke i talet på studiestader**

I figur 4.3 ser vi på utviklinga i studiestader ved offentlege og private fagskular. Figuren viser at talet på studiestader har endra seg mykje over tid. Frå totalt sett 135 studiestader i 2016, året før fagskulemeldinga blei vedtatt, har vi i dag 175 studiestader, ein auke på fem studiestader sidan 2022. Dette kan i stor grad tilskrivast den tidlegare omtalte utviklinga, der fagskular har blitt slått saman og tidlegare sjølvstendige fagskular vert omgjort til studiestader under ein ny og større fagskule. Men vi ser òg at fagskular etablerer nye studiestader der det finst eit kompetansebehov i arbeidslivet, og i nærleiken av der fagarbeidarane som treng kompetanseheving bur eller jobbar. Noko av veksten heng òg saman med at nye fagskular kjem til, og dermed nye studiestader i samband med desse.

Av figuren ser vi at utviklinga i talet på studiestader over tid har vore nokolunde lik i offentleg og privat sektor. Frå 2022 til 2023 gjer talet på studiestader i privat sektor eit lite byks, med ein auke på seks studiestader, medan talet på studiestader i offentleg sektor går ned med eitt. I 2023 er det totalt 73 offentlege og 102 private studiestader.

Figur 4.3 Studiestadar ved offentlege og private fagskular, haust 2017–2023




Vedlegg: F4.3
Kjelde: HK-dir/DBH-F

## 4.2 Storleiken på fagskulane

Figur 4.4 gir eit bilete av utviklinga i talet på fagskular, fordelt på offentleg og privat eigarskap.

Av figuren ser vi ein nedgang i talet på fagskular, samstundes som vi i kapittel 3 såg at studenttalet aukar. Nedgangen er særskilt markant dei første åra etter fagskulemeldinga i 2017, og gjeld stort sett offentlege fagskular. Dei siste åra har talet på fagskular heldt seg meir stabilt.

Talet på private fagskular har halde seg nokså stabilt mellom 44 og 46 frå 2017, med unntak av 2022 då det var 42 private fagskular. I 2023 tel vi igjen 44 private fagskular. I same periode har studenttalet ved dei private fagskulane auka med 124 prosent, frå 7 400 til 16 600 studentar.

Når vi ser på dei offentlege fagskulane, har talet halde seg stabilt på 16 fagskular dei tre siste åra. Av desse er fire statlege, og ein er eigd av dei regionale helseføretaka. Der vi i 2023 tel *éin* fylkeskommunal fagskule i kvart fylke, veit vi at fylkesoppløysingar allereie ved årsskiftet til 2024 har endra dette bilete noko. Til dømes har dei tre nye fylka som i 2023 var Viken fylkeskommune vald å behalde og gå saman om å eige Fagskulen i Viken, medan Fagskulen i Nord får same skjebne som fylkeskommunen, og blir splitta opp til dei nye einingane Fagskolen i Finnmark og Fagskolen i Troms.  Studenttalet ved dei offentlege fagskulane har auka med meir enn 78 prosent, frå om lag 8 300 studentar i 2017 til om lag 14 800 studentar i 2023. Studenttalet ved dei offentlege fagskulane har auka litt jamnare enn ved dei private fagskulane, og heng tett saman med opptrappingane av studieplassar. Sjå kapittel 3 for meir informasjon om studentane.

Figur 4.4 Fagskular etter eigarskap, 2017–2023




Merknad: Talet på studentar er inkludert i vedlegget.
Vedlegg: F4.4
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Færre små og fleire store fagskular**

I figur 4.5 ser vi ei anna side av den omtala utviklinga av fagskulane etter fagskulemeldinga som kom i 2017. Figuren viser ei samanlikning av fagskular i fem ulike storleikskategoriar i åra 2017, 2020 og 2023. Tala viser ei tydeleg utvikling i retning av større einingar. Det har blitt markant færre fagskular i dei tre minste storleikskategoriane, frå og med 500 studentar og færre. Samstundes har talet på fagskular med over 1 000 studentar auka frå fire til tolv. Om denne kategorien hadde vore meir finmaska, hadde vi sett at ein av desse fagskulane har meir enn 4 000 studentar, medan to har over 2 000 studentar. Endå ein fagskule har like under 2 000 studentar, og dei fire neste på lista har meir enn 1 500 studentar. Sjå elles vedlegg V6 for eit oversyn over studenttalet for alle fagskular hausten 2023.

Figur 4.5 Fagskular etter storleik målt i tal på studentar, haust 2017, 2020 og 2023




Vedlegg: F4.5
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Tal på fagskular som tilbyr utdanningar innan dei ulike fagområda**
I figur 4.6 ser vi kor mange fagskular som har studentar innan dei ulike fagområda. Vidare skil figuren mellom offentlege og private fagskular.

Helse- og velferdsfag vert tilbydt ved tretten offentlege fagskular, og tolv private fagskular, totalt 25 fagskular. Dette er ein auke på éin privat fagskule frå i fjor. 24 fagskular tilbyr utdanningar innan tekniske fag: 14 offentlege fagskular (alle dei fylkeskommunale og tre av dei statlege), og ti private fagskular.

Økonomi og administrasjonsfag finn ein ved 15 private fagskular og seks offentlege fagskular, totalt 21 fagskular. Dette er ein auke på tre private fagskular frå 2022. Kreative fag finn ein nesten berre på private fagskular. Det er berre to offentlege fagskular som tilbyr kreative utdanningar, mot 13 private.

Blant samferdselsutdanningar er det derimot over dobbelt så mange offentlege som private tilbydarar. Fagområdet anna omfattar blant anna utdanningar innan grøne fag og skjønnheitspleie, og vert tilbydt ved ni private og seks offentlege fagskular. I kapittel 4.4 ser vi på utviklinga i utdanningstilboda over tid.

Sjå vedlegg V21 for meir data om fagskular etter fagområde og storleik i perioden 2017-2023

Figur 4.6 Fagskular etter fagområde og eigarskap, haust 2023




Vedlegg: F4.6
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Geografi og variasjonar i storleiken på fagskular**

I figur 4.7 er dei ulike storleikkategoriane sortert etter fylke. Oslo er fylket med klart flest fagskular med færre enn 50 studentar (6), medan Vestfold og Telemark har 3 slike fagskular. Oslo har òg flest fagskular med over 1000 studentar (3), etterfølgt av Rogaland og Vestfold og Telemark med to kvar. Viken og Oslo var dei einaste fylka i 2023 med fagskular i alle storleikkategoriar. I Nordland og Møre og Romsdal er det to relativt små fagskular, medan det i Troms og Finnmark er éin litt større. Dette vil endra seg i 2024, etter oppsplittinga av fylket og fagskulen.

I dei fleste fylka ser vi innslag av både dei minste fagskulane med under 50 studentar, og dei største med over 1000 studentar. Vedlegg V20 inneheld ytterlegare tal på fagskular etter fylke og eigarforhold i perioden 2017-2023.

Figur 4.7 Fagskular etter fylke og storleik, haust 2023




Vedlegg: F4.7
Kjelde: HK-dir/DBH-F

## 4.3 Fagområdeakkreditering

Fagområdeakkreditering er ein viktig indikator på kvalitet. Ei slik akkreditering inneber at NOKUT har godkjent at ein fagskule har høg nok kvalitet i både kvalitetssystema og fagmiljøa til sjølv å akkreditere og endre utdanningstilbod innan det akkrediterte fagområdet. Fagområdet som vert akkreditert må bestå av fleire ulike utdanningstilbod. Området skal òg vere tett knytt til eitt eller fleire yrkesfelt, og det vert stilt klare krav til kva kompetanse fagskulen må ha for å kunne ivareta eit slikt ansvar.

I 2023 var det 12 fagskular som hadde fagområdeakkreditering på eitt eller fleire fagområde, sjå tabell 4.2. Det er gitt 21 fagområdeakkrediteringar totalt, fordelt på desse 12 fagskulane. Det er ein auke på fire fagområdeakkrediteringar frå i fjor. Tre av desse er innan fagområdet helse. Ei fagområdeakkreditering gjer det mogleg

for ein fagskule å opprette nye utdanningar utan at utdanningane må verte godkjent av NOKUT, noko som forkortar tida som går frå utviklinga av utdanninga til uteksaminering av nye kandidatar innanfor det gitte fagområdet. På den måten betrar fagområdeakkrediteringane fagskulane si omstillingsevne i møte med endra kompetansebehov.

Tabell 4.2 Fagskular med fagområdeakkreditering, 2023

| Fagskule | Fagområde | Antal fagområdeakkrediteringar |
|---|---|---|
| **AOF Fagskolen** | Helse og oppvekst<br>Økonomi og administrasjon | 2 |
| **AOF Norge** | Helse og oppvekst | 1 |
| **Fagskolen Aldring og helse** | Helsefag – ny 2023 | 1 |
| **Fagskolen Innlandet** | Teknologifag<br>Helsefag<br>Landbruksfag<br>Bygg- anleggsteknikk | 4 |
| **Fagskolen i Viken** | Helse<br>Teknisk<br>Økonomi, administrasjon, logistikk og reiseliv – ny 2023 | 3 |
| **Fagskolen Kristiania** | Helse og oppvekst<br>Design, kommunikasjon og teknologi<br>Kommersiell scenekunst – tolking og formidling<br>Økonomi og administrasjon | 4 |
| **Fagskolen Rogaland** | Helse og oppvekst | 1 |
| **Fagskolen Vestfold og Telemark** | Helse – ny 2023 | 1 |
| **Fagskulen Vestland** | Tekniske fag | 1 |
| **Folkeuniversitetets fagskole AS** | Helsefag – ny 2023 | 1 |
| **MedLearn AS** | Helse og oppvekst | 1 |
| **Norges grønne fagskole - Vea** | Grøne design og miljøfag | 1 |

Vedlegg: T4.2
Kjelde: HK-dir/DBH-F

Til saman har desse 12 fagskulane meir enn 14 200 studentar, og dekker såleis om lag halvparten av heile fagskulesektoren. Det er eit mål at fleire fagskular skal oppnå fagområdeakkreditering.  I mars 2024 opna Stortinget for at fagskular kan verte institusjonsakkreditert, og med det få større autonomi og fullmakt til å opprette og endre høgare yrkesfaglege utdanningar innan alle fagområde (Innst. 290 L (2023-2024)). Forslaget har som mål å forbetre fagskulane sin fleksibilitet og omstillingsdyktigheit.

Det er lang behandlingstid for å få akkreditert einskilde utdanningar for tida, og ved å prioritere fagområdeakkreditering og på sikt institusjonsakkreditering er det eit mål å på sikt få fjerna denne flaskehalsen for sektoren.

## 4.4 Utdanningstilboda

Der vi i kapittel 3.1 hadde fokuset på studentar i høgare yrkesfagleg utdanning fordelt på dei ulike studie- og utdanningstilboda etter omfang, skal vi i dette kapittelet sjå på kva slags tilbod som finst, og kva som kjenneteiknar dei ulike fagområda i høve til tilbodsstruktur.

**Tal på utdanningstilbod i sektoren**
Høgare yrkesfaglege utdanningar skal vere tilgjengeleg i heile landet og tilpassa folk i arbeid. For å møte dette kan eitt og same tilbod vere tilbydd fleire stader, og med ulike variasjonar. Hausten 2023 var det registrert 1 866 utdanningstilbod innan høgare yrkesfagleg utdanning.

I desse tala er alle variasjonar av utdanningane registrert, noko som betyr at det som i realiteten er ei og same utdanning kan bli tald fleire gonger. Til dømes kan eit og same utdanningstilbod ikkje berre vere tilbydd ved fleire fagskular, men ved fleire studiestader ved ein og same fagskule. Det kan vidare vere tilbydd på både heiltid og deltid, eller på ein eller fleire av utdanningsformene; stadbasert, nettbasert med samling eller nettbasert. Utdanningstilboda kan òg ha ulik finansiering, ved at det til dømes kan bli tilbydd gratis, eller mot studentbetaling. Alle desse variasjonane er viktige for å synleggjere det breie spekteret i det samla tilbodet i høgare yrkesfagleg utdanning, og for studentane gjer desse variasjonane at tilboda vert meir tilgjengelege.

Når ein ser på unike tilbod, altså tek vekk alle variasjonane innanfor kvar utdanning, var det totalt 389 utdanningstilbod.

Tabell 4.3 viser talet på utdanningstilbod med alle dei ulike variasjonane, og talet på unike utdanningstilbod fordelt på fagområde. Flest utdanningstilbod finn ein innan helse- og velferd (659), tekniske utdanningar (517) og økonomi og administrasjon (391).

Ser ein på unike tilbod er bilete litt annleis. Det er flest unike utdanningar innan teknisk (109 unike tilbod), etterfølgt av helse (95 unike tilbod) og økonomi- og administrasjon (82 unike tilbod). Dette vil seie at det per unike tilbod innan helse finst fleire variasjonar. Forskjellen mellom tekniske fag og helse- og velferdsfag er ikkje så stor, men ser ein på til dømes kreative fag er forholdet mellom unike studietilbod og variasjonar på rundt 1/3. Det er altså langt færre variasjonar innan desse tilboda. Dette seier ein del om kva studentar og type utdanningar tilboda rettast mot.

Tabell 4.3 Utdanningstilbod i høgare yrkesfagleg utdanning, haust 2023

| Fagområde | Unike utdanningstilbod | Antal utdanningstilbod med ulike variasjonar |
|---|---|---|
| **Helse og velferd** | 95 | 659 |
| **Kreativ** | 48 | 146 |
| **Samferdsel** | 7 | 46 |
| **Teknisk** | 109 | 517 |
| **ØkAdm** | 82 | 391 |
| **Anna** | 47 | 60 |
| **Uoppgitt** | 1 | 47 |
| **Totalt** | **389** | **1 866** |

Merknad: Unike tilbod i 2023 kan ikkje samanliknast med tala for 2022. Der ein i rapporten for 2022 talte både unike koder og emnenamn, tel ein i årets rapport berre unike kodar. Det vil seie at ein del utdanningar med små forskjellar i emnenamn, men med same kode, vil verte rekna som same unike utdanning.
Vedlegg: T4.3
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Utvikling i tal på utdanningstilbod over tid**

I figur 4.8 ser vi korleis talet på utdanningstilbod innan dei ulike fagområda har utvikla seg frå 2017 fram til 2023. Medan tala på utdanningstilbod har vore rimeleg stabile i fagområda samferdsel og kreativ, har det vore ein markant auke i helse- og velferdsfaga, tekniske fag og økonomi- og administrasjonsfaga. Særleg for helse- og velferdsfaga og for tekniske fag speglar utviklinga endringar i kompetansebehova som følgje av megatrendar i samfunnet, som mellom anna demografiske endringar, teknologiutvikling og grøn omstilling (Kompetansebehovsutvalget, 2022). Det er òg i desse fagområda vi har sett størst vekst i studenttalet, og endring i tilbodsstrukturen.

Utviklinga må òg sjåast som eit resultat av endringane i fagskulepolitikken etter at fagskulemeldinga (Meld. St. 9 (2016–2017)) vart vedtatt. Meldinga stadfesta at det var naudsynt å styrke samarbeidet med arbeidslivet og få fleire nye utdanningar som svara på dei nye kompetansebehova. Som eit konkret tiltak vart det oppretta utviklingsmidlar som fagskulane kunne søke på, til mellom anna utvikling av nye utdanningstilbod i samarbeid med arbeidslivet. I tillegg har det kome ulike kompetansepolitiske tiltak som òg har bidratt til utvikling av fleire utdanningstilbod i sektoren. Av desse kan nemnast mellom anna Industrifagskolen, Treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling, Ordning for fleksibel og desentralisert utdanning med meir. Sjå kapittel 5 om finansiering for meir informasjon om ulike tilskotsordningar for sektoren.

Frå 2022 til 2023 ser vi ein liten reduksjon i tal på utdanningstilbod. Årsaka til dette er samansett, og heng meir saman med rapporteringstekniske årsaker og justeringar i tilbodsstrukturen enn ein reell nedgang. Innan helsefaga ser vi at auken i fjor og reduksjonen i år til dels heng saman med namneendringar og oppgraderingar av utdanningar, blant anna etter oppgradering av dei nasjonale planane. For tekniske utdanningar er det òg snakk om naturlege endringar, der «gamle» utdanningar eller gjennomføringsmodellar vert fasa ut og erstatta av nye, oppdaterte utdanningar som svarar til arbeidslivets behov for kompetanse og tilrettelegging.

Figur 4.8 Utdanningstilbod etter fagområde per år, haust 2017–2023




Merknad: Utdanningstilbod der fagområde er uoppgitt, vert ikkje viste i figuren. Sjå tabellvedlegg for talet på desse tilboda.
Vedlegg: F4.8
Kjelde: HK-dir/DBH-F

## 4.5 Gradar og studiepoeng

**Variantar av utdanningstilbod, studiepoeng og gradar**
Som vi har sett tidlegare varierer utdanningstilboda i fagskulesektoren i både omfang og form. Dei toårige utdanningane er på 120 studiepoeng og gir ein høgare fagskulegrad, medan dei eittårige tilboda gir 60 studiepoeng og ein fagskulegrad. Utover desse tilboda er det vanlegaste tilbodet på 30 studiepoeng, eller eit halvt års studium. Dei fleste utdanningane vert tilbydd på deltid, og har derfor ein reell varigheit på det dobbelte av den tida som talet på studiepoeng angir. I tillegg kjem dei kortare studietilboda på under 30 studiepoeng, vanlegvis på mellom fem og ti studiepoeng. Desse tilboda har vakse frem frå 2019, først etter ein unntaksbestemming i lova, men frå 2021 som ein permanent utviding av tilbodsstrukturen i høgare yrkesfagleg utdanning.

Figur 4.9 viser den prosentvise fordelinga av utdanningstilbod i kategoriane høgare fagskulegrad, fagskulegrad, korte utdanningstilbod mellom 30 og 59 studiepoeng, og kortare studietilbod under 30 studiepoeng.

Det var 1 866 utdanningstilbod i høgare yrkesfagleg utdanning hausten 2023. I figuren ser vi at nesten halvparten av tilboda kvalifiserer til fagskulegrad, medan nesten eitt av fire tilbod gir ein høgare fagskulegrad. Dei korte utdanningane på mellom 30 og 59 studiepoeng, og dei kortare studietilboda under 30 studiepoeng utgjer til saman nesten ein tredel av tilboda.

Samanlikna med 2022 ser vi ein auke i andelen utdanningstilbod som gjev fagskulegrad på fire prosentpoeng, og ein auke i andelen kortare studietilbod under 30 studiepoeng på to prosentpoeng. Utviklinga frå 2017-2023 viser at medan utdanningstilbod som gjev fagskulegrad og korte utdanningstilbod (30-59 studiepoeng) har halde seg stabilt på høvesvis 46 prosent og 16 prosent sidan 2017, har utdanningstilbod som gjev høgare fagskulegrad søkke frå 36 prosent til 23 prosent. På same tid har kortare studietilbod på under 30 studiepoeng, som det som nemnd vart opna for i 2019, gått frå 0 til 16 prosent. Sjå vedleggstabell V23 for fleire endringar i tilbodsstrukturen frå 2017 til 2023.

Figur 4.9 Fordelinga av studie- og utdanningstilbod etter tilbodas omfang målt i studiepoeng, haust 2023




Merknad: stp.=studiepoeng.
Vedlegg: F4.9
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Fagskulegradar – flest innan helse- og velferd og økonomi og administrasjon**
Som vi ser av figur 4.10 er det innan fagområda helse og velferd og økonomi og administrasjon det er eit fleirtal av utdanningar som gjev ein fagskulegrad. Innan fagområdet helse og velferd gjev heile 72 prosent av utdanningstilboda ein fagskulegrad, medan halvparten av utdanningstilboda innan økonomi og administrasjon gjev det same. I dei kreative utdanningane gjev 40 prosent av utdanningstilboda ein fagskulegrad. For samferdsel kvalifiserer ein fjerdedel av tilboda til fagskulegrad, medan dette berre gjeld ein femtedel av dei tekniske utdanningane.

Figur 4.10 Utdanningstilbod etter fagområde og studiepoeng, haust 2023




Merknad: stp = studiepoeng.
Vedlegg: F4.10
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Høgare fagskulegradar – flest innan tekniske fag, samferdselsfag og kreative fag**
Heile tre av fire utdanningstilbod innan samferdsel gjev ein høgare fagskulegrad (Figur 4.10). Innan tekniske fag er tilsvarande del 52 prosent, og for kreative utdanningar er det 56 prosent. Innan økonomi og administrasjonsfaga er det i liten grad tilbod om, eller etterspurnad etter, utdanningar som gjev ei høgare yrkesfagleg gradsutdanning. I helse- og velferdsfaga er desse tilboda heilt fråverande.

Desse skilnadane mellom fagområda har truleg ei samansett forklaring. Nokre aktuelle moment kan vere faglege tradisjonar, arbeidstilhøve i dei ulike bransjane, og ulikskapar mellom studentane sin livssituasjon når dei treng eller ønskjer meir utdanning.

**Dei ulike korte tilboda**
Som vi har beskrive tidlegare skil vi mellom korte utdanningstilbod på mellom 30 og 59 studiepoeng som går over eitt semester, og kortare studietilbod på under 30 studiepoeng som tar mindre enn eitt semester. Dei korte utdanningstilboda på mellom 30 og 59 studiepoeng finn vi i størst utstrekning innan økonomi og administrasjonsfaga (23 prosent av tilboda) og helse- og velferdsfaga (20 prosent av tilboda).

Som vi såg i kapittel 3 om studentane har talet på studentar på kortare tilbod under 30 studiepoeng auka med meir enn 71 prosent frå 2022 til 2023. Tilbod under 30 studiepoeng finn vi flest av innan dei tekniske faga, der 21 prosent av tilboda er slike kortare modular. I tillegg til at det openbart er ein etterspurnad av slike kortare studietilbod, skuldast denne utviklinga at bransjeprogramma allereie frå 2019 stimulerte til denne utviklinga med mykje øyremerka tilskotsmidlar til industri- og byggfag. I tillegg kunne fagskular frå 2021 søke om driftsmidlar til kortare studietilbod innan industri og bygg gjennom tilskotsordninga Industrifagskulen.

Innan økonomi- og administrasjonsfag er det òg ein relativt høg del av slike kortare studietilbod, der dei utgjer 20 prosent av tilboda innan fagområdet. Desse vaks fram mellom anna som ein følgje av ein kraftig auke av tilskotsmidlar gjennom bransjeprogramma i samband med pandemien. Sjå tabell 3.3 for tal på studentar på kortare studietilbod under 30 studiepoeng.

## 4.6 Utdanningstilbod på heil- og deltid

Utdanningar på deltid er eit særs viktig verkemiddel for auka fleksibilitet og tilgjenge til utdanning, og kanskje særleg for utdanningar som rettar seg mot folk som er i arbeid. Deltidsutdanningar utgjer eit stort fleirtal av utdanningstilboda i sektoren.

I figur 4.11 ser vi at det er store skilnader mellom fagområda på dette feltet. Innan helse- og velferdsfaga er så godt som alle tilboda på deltid. Innan dei tekniske faga og økonomi- og administrasjonsfaga er det og ein stor overvekt av utdanningstilbod på deltid. Samferdselsfag og kreative fag, derimot, har nesten berre heiltidsutdanningar.

Figur 4.11 Utdanningstilbod på heiltid og deltid etter fagområde, haust 2023




Vedlegg: F4.11
Kjelde: HK-dir/DBH-F

At helse- og velferdsfaga er dominert av utdanningstilbod som er tilbydt som deltidsstudium kan truleg bli forklart med både arbeidslivets behov og studentane sine val. Som vi har sett i kapittel 3 (figur 3.8) er 64 prosent av studentane innan helse- og velferdsfaga over 34 år, noko som truleg medfører at mange har familie og jobb, og derfor ønskjer seg utdanningar som er tilpassa at dei er i arbeid. Deltidsutdanningane gjer det mogeleg å studere på kveldstid og i helger, noko som gjev mindre økonomiske utfordringar for den einskilde. Vidare er det kjent at helse- og omsorgssektoren har mangel på kvalifisert arbeidskraft, noko som kan påverke i kva grad arbeidsgivarar er i stand til å legge til rette for studiar på heiltid.

Innan tekniske fag ser vi i vedlegg F4.11 at det har vore ei overvekt av utdanningar på deltid heilt sidan 2018. Frå 2018 til 2023 har andelen deltidsstudiar auka med 9

prosentpoeng. I 2023 utgjer deltidsstudiar 62 prosent av tilboda i dei tekniske faga. Dette gir eit bilete av korleis fagskulane tilpassar utdanningstilboda til arbeidslivet og arbeidstakarane sine behov. Økonomi- og administrasjonsfaga hadde òg ei overvekt deltidsstudium allereie i 2018. Vi ser likevel ei trend i retning av fleire slike utdanningar. Frå 2018 til 2023 auka andelen med om lag 11 prosentpoeng. Denne auken betyr at nesten 3 av 4 av utdanningstilbod i dette fagområdet var deltidsstudiar i 2023.

## 4.7 Stadbaserte, samlingsbaserte og nettbaserte utdanningar

Utdanningstilbod vert tilbydt i tre ulike utdanningsformar i høgare yrkesfagleg utdanning. Det er nettbaserte tilbod, nettbaserte tilbod med samlingar, og stadbaserte tilbod. Svært ofte vil ein finne at eitt og same utdanningstilbod vert tilbydt i alle tre utdanningsformene, litt avhengig av etterspurnaden.

Figur 4.12 Utdanningstilbod etter undervisningsformer, 2023




Vedlegg: F4.12
Kjelde: HK-dir/DBH-F

Figur 4.12 viser totalbiletet på utdanningsformer for sektoren. Berre frå 2022 til 2023 har andelen heilt nettbaserte og nett- og samlingsbaserte tilbod auka med fire prosentpoeng kvar, og under halvparten av tilboda har no ei stadbasert organisering. Som omtalt i kapittel 3 følgjer to tredelar av studentmassen ei utdanning som har nettbasert- eller nett- og samlingsbasert organisering. Dette

heng saman med at fagskulestudenten stort sett er vaksen og i arbeid, og er avhengig av utdanningstilbod som er tilpassa ein slik livssituasjon. Frå Samordna Opptak sine søkjartal ser ein og ein auke i talet på søkjarar med tilbod på nett- og samlingsbaserte utdanningar (HK-dir, 2023a).

Det at dei stadbaserte tilboda har langt færre studentar per tilbod kan vidare forklarast med at fleire av desse tilboda kan ha naturlege avgrensinga med tanke på lokale og utstyr som trengs i undervisninga, og har derfor andre rammer for talet på studentar.

Utviklinga i retning meir digitalisert undervisning var godt synleg i fleire år før koronpandemien, men pandemien bidrog nok til å akselerere ei utvikling som allereie var i gang. Tala viser at sektoren har klart å oppskalere dei nett- og samlingsbaserte tilboda raskt, og at studentane har valt å nytte seg av desse moglegheitene.

I Figur 4.13 går vi nærare på utviklinga, og ser på korleis utdanningstilboda i de ulike fagområda vert organisert. I helse- og velferdsfaga er 57 prosent av tilboda stadbasert. Dette er ein nedgang på 7 prosentpoeng sidan 2022. Samstundes er nesten alle tilboda organiserte som deltidsstudiar, noko som likevel gir ein høg grad av fleksibilitet (figur 4.11). Den høge delen stadbasert undervisning innanfor helseutdanningar har å gjere med at det er mange av utdanningane har eit stort innslag av praksis som vanskeleg lar seg digitalisere. Av den grunn kjem vi truleg til å ha ein stor del stadbaserte tilbod i dette fagområdet framover òg. Det har likevel vore ei utvikling særleg i retning av samlingsbaserte utdanningar, ei utdanningsform som hentar det beste frå begge dei to andre utdanningsformane.

Figur 4.13 Utdanningstilbod innan ulike utdanningsformer etter fagområde, 2023




Vedlegg: F4.13
Kjelde: HK-dir/DBH-F

Innan dei tekniske faga er 39 prosent av tilboda stadbaserte, medan 35 prosent av tilboda er samlingsbaserte. Meir enn ein fjerdedel av tilboda er heilt nettbaserte. Forklaringa på den høge delen stadbaserte- og samlingsbaserte utdanningar heng saman med at mange av desse utdanningane er praktisk orienterte, og at studentane treng fysisk tilgang til utstyr og maskinar i opplæringa. Vi ser likevel ein auke i heilt nettbaserte utdanningar innan det tekniske fagområdet på ni prosentpoeng frå 2022 til 2023. Auken er i stor grad knytt til utdanningar innan data/IT, modellering og industrifag som cybersikkerheit, digitalisering og robotisering, der bruk av programvare og skyløysingar er sentralt.

Innan økonomi og administrasjonsfaga er det flest heilt nettbaserte utdanningar. Likevel er det ein relativt høg del stadbasert på 38 prosent. 22 prosent av tilboda er samlingsbasert.

Sjølv innan samferdselsfaga ser vi at talet på utdanningar med samlingsbasert organisering aukar med tre prosentpoeng.  Det er likevel stadbasert undervisning som er den vanlegaste organiseringa. 91 prosent av tilboda her er stadbaserte.

Tekstboks 3 Samarbeid mellom fagskular og studiesenter

På vegne av Kunnskapsdepartementet forvaltar HK-dir ei søknadsbasert tilskotsordning til studiesenter. Formålet med ordninga er at kompetansehevingstilbod skal bli meir tilgjengeleg for alle, og at regionale og lokale kompetansebehov blir vareteke.

Eit studiesenter er ei fysisk eining utanfor utdanningsinstitusjonane sine eigne studiestader, som legg til rette for utdanning og kompetanseutvikling i samsvar med regionale behov. Studiesentera blir ofte omtalte som motor, meklar og møteplass, gjennom å vera pådrivar for kompetanseutvikling, kartleggja kompetansebehov, utvikla tilbod i samarbeid med utdanningsinstitusjonar og organisering av tilbod basert på lokale og individuelle behov.

**Samarbeid mellom fagskular og studiesenter**
Fagskulane er ein viktig del av porteføljen på studiesentera, og vi erfarer frå rapporteringa på tilskotsordninga at det er svært gode samarbeid med fagskulane og studiesentera. Opp mot 85 % av dei studiesentera som har fått midlar har eitt eller fleire fagskuletilbod. Fagskuletilboda inkluderer helse- og oppvekst, bygg og anlegg, industri, prosjektleiing, elektro, og dessutan tekniske fag og digitalisering. Tilboda varierer frå korte modular til heile fagskulegrader, med organisering som passar med dei lokale behova.

Lokalisering av studiesentera og organisering av utdanningstilboda blir avgjort av fleire faktorar, som kva som passar for faget, behovet hos deltakarar og ønskjer frå arbeidsgivar. I enkelte rapportar blir det nemnt at fagområdeakkreditering hos fagskulane kan påverka samarbeidet med studiesentera positivt, fordi det kan gje auka fleksibilitet i å utvikla lokalt tilpassa tilbod. Døme på slik utvikling er deling av meir omfattande tilbod til små modular, fordi dette er svært etterspurt i arbeidslivet.

**Døme på samarbeid mellom fagskular og studiesenter er:**
- Fagskulen i Viken har i samarbeidet med Utdanningssenteret på Geilo om Prosjektleiing for anleggsbransjen.
- Fagskulen Vestland har i samarbeid med Studiesenter Kysten bygd opp bransjespesifikt tilbod for konkrete bedrifter i regionen og planlegg fleire.
- Fagskulen Innlandet og Tynset studiesenter har samlingsbaserte tilbod innan mellom anna demens og alderspsykiatri for helsefagarbeidarar i omkringliggjande kommunar.

Kjelde: HK-dir

# 5 Styring og økonomi

Høgare yrkesfagleg utdanning skal bidra til å dekke arbeidslivet sine behov for kompetanse. Fagskulane er sentrale for å utvikle utdanningar som svarar på utfordringane som samfunnet står overfor. Tilbodsstrukturen i høgare yrkesfagleg utdanning vert styrt av fleire faktorar: fagskulane sine prioriteringar og samarbeid med arbeidslivet, fylkeskommunane sine prioriteringar av tilskot til drift, statlege prosjektmidlar, etterspurnaden frå studentane, og betalingsvilje for tilbod som ikkje er gratis.

Representantar frå arbeidslivet deltar i styra til fagskulane, og fleire fagskular involverer òg representantar frå arbeidslivet i dei lokale faglege råda, for å sikre samsvar mellom utdanningar og behova i arbeidslivet (Høst, m.fl., 2024). Men sjølv om arbeidslivet er i endring og fagskulane skal snu seg raskt rundt for å tilby relevant kompetanse, er det òg mykje som ligg fast over tid. Til dømes er kompetanse som leiing, økonomi og marknadsføring viktige generiske emne innanfor dei tekniske faga som nye fagarbeidarar treng. I tillegg er det eit stort omfang av fagkompetanse som utfyller dei ulike tekniske fagbreva, og som dermed sett ein fagarbeidar i stand til å gjere meir spesialiserte oppgåver, eller til å leie arbeidsprosessar.

For å tilby utdanningane til arbeidstakarar som treng eller ønskjer kompetanseutvikling, kan fagskulane anten ta betalt for utdanninga, eller søkje fylkeskommunane om tilskot til drift for å kunne tilby utdanninga utan skulepengar. Nokre offentleg finansierte tilbod har litt skulepengar i tillegg. Utdanningstilbod som vert fullfinansierte gjennom skulepengar, vert i praksis dimensjonerte av betalingsviljen for slike utdanningar. Ofte vil slike utdanningar bli finansiert gjennom lån i Lånekassen, men nokre får økonomisk støtte til utdanning av arbeidsgjevar (Alne, m.fl., 2023).

Når det kjem til den økonomiske styringa av statlege driftstilskot til høgare yrkesfagleg utdanning, er forvaltninga lagt til fylkeskommunane. Ifølge dei overordna måla og retningslinjene for forvaltninga, som er fastsett av Kunnskapsdepartementet, skal driftstilskotet bidra til høg kvalitet i utdanninga, at utdanninga skal vere yrkesretta, vere lett tilgjengeleg for studentane, og at sektoren skal vere effektiv og solid.

Fylkeskommunane lyser kvart år ut driftsmidlar til fagskulane på grunnlag av løyvingane i  statsbudsjettet. Kor mykje som vert lyst ut kvart år vil avhenge av om

det er midlar til nye studieplassar å fordele, og kor mykje av midlane som er bundne til tilbod som allereie er i gang. Fylkeskommunen har ansvar for å sikre at det vert tilbydd høgare yrkesfagleg utdanning i samsvar med behova for kompetanse lokalt, regionalt og nasjonalt, jamfør fagskoleloven (2018, §3). Dette er viktig for rolla til fylkeskommunane som kompetansepolitisk aktør. Det varierer mellom fylka korleis dei arbeider for å kartlegge behova til arbeidslivet, og gjer prioriteringar på faglege tilbod i høgare yrkesfagleg utdanning.

I tillegg til styring gjennom driftstilskot kjem styring gjennom prosjektbaserte midlar. Eit døme på dette er bransjeprogramma for kompetanse, som bidreg til å utvikle målretta tilbod retta mot konkrete bransjar. Eit anna døme er utviklingsmidlane, som bidreg til auka fokus på kvalitetsfremjande tiltak og utvikling av nye utdanningstilbod. Seinare i kapitelet ser vi nærare på korleis utviklingsmidlane har blitt tildelt sidan ordninga vart innført.

## 5.1 Finansieringa av høgare yrkesfagleg utdanning

Det er i hovudsak tre kjelder til finansiering av fagskuledrift; statleg driftstilskot frå Kunnskapsdepartementet, fylkeskommunane sine frie midlar, og skulepengar. I tillegg er det tilskot i form av prosjektmidlar og bidrag frå verksemder.

I 2023 blei det brukt om lag 2,5 milliardar kroner på høgare yrkesfagleg utdanning når vi reknar med alle offentlege tilskot og skulepengar. [5] Om lag halvparten av desse midlane kjem i form av tilskot frå Kunnskapsdepartementet som fylkeskommunane forvaltar, medan ein dryg tredel kjem i form av skulepengar. Resten er midlar frå fylkeskommunane, frå offentlege tilskotsordningar, og direktetildelingar over statsbudsjettet til nokre statlege fagskular. Både offentlege og private fagskular kan søke om offentleg tilskot til drift frå fylkeskommunane.

---

[5] Tala som er oppgitt i rapporten er basert på budsjettvedtak av statlege tilskot, og vedtak om tildelingar i ulike tilskotsordningar. Tala på skulepengar og fylkeskommunale frie midlar er basert på innrapporteringar til DBH-F frå høvesvis fagskular og fylkeskommunar. Nokre fylkeskommunar gir indirekte tilskot til fagskular i form av gratis husleige og diverse tenester som ikkje blir rapportert til DBH-F, og derfor ikkje rekna med her.

Figur 5.1 Ulike finansieringskjelder, 2023




Vedlegg: F5.1
Kjelde: HK-dir, DBH-F, Utdanningsdirektoratet, Prop. 1 S (2022–2023)

**Statleg driftstilskot forvalta av fylkeskommunane**
I 2023 vart i overkant av 1,23 milliardar kroner løyvd av Stortinget til drift av høgare yrkesfagleg utdanning. Dette tilskotet er den største av finansieringskjeldene for fagskulane og utgjorde om lag halvparten av den samla finansieringa av sektoren i 2023. Alle fagskulane kan kvart år søke fylkeskommunane om tilskot til drift av utdanningstilboda. Fylkeskommunane gjer prioriteringar av kva som skal finansierast på grunnlag av vurderingar av behov i arbeidslivet.

Ein del av dei statlege driftsmidlane som fylkeskommunane forvaltar, er øyremerka nokre spesifikke fagskular eller utdanningstilbod. Nokre av desse midlane blir tildelt Industrifagskulen, som er ei ordning for finansiering av korte utdanningstilbod retta mot industri og bygg. Denne ordninga omfatta 40,8 millionar kroner i 2023.

Ei anna øyremerking gjeld enkelte private fagskular og nokre utdanningstilbod ved ein privat fagskule, etter vedtak i Stortinget i 2019. I 2023 fekk desse fagskulane i underkant av 80 millionar kroner. Dei fleste av desse fagskulane tilbyr i hovudsak kreative utdanningar og utdanningar knytt til livssyn. Samla hadde desse fagskulane i overkant av 600 studentar hausten 2023. Dei fleste av desse fagskulane er små.

Utover midlane til Industrifagskulen og spesifikke private fagskular, var det i overkant av 1,1 milliard kroner som vart forvalta av fylkeskommunane i 2023. Under ser vi nærare på kva for utdanningar som er offentleg finansierte.

**Fylkeskommunane sine frie midlar**

Fylkeskommunane kan òg bruke av dei frie midlane sine til fagskulane. Med frie midlar meiner vi her overføringar frå Kommunal- og distriktsdepartementets budsjett, som ikkje er øyremerka drift av fagskular. Fylkeskommunane tildelte totalt 172,5 millionar kroner frå dei frie midlane til drift av fagskular i 2023, som vist i tabell 5.1. Dette er ein stor auke i høve til åra før, men det er store skilnader i omfanget mellom dei ulike fylka.

Den største skilnaden ligg i kva fylkeskommunane rapporterer til DBH-F og ikkje. Nokre fylkeskommunar gir indirekte tilskot til fagskular i form av gratis husleige, HR- og IT-tenester og liknande, som ikkje blir rapportert til DBH-F, og derfor ikkje rekna med her. Ulik praksis mellom fylkeskommunane på dette området gjer at tala ikkje er fullstendig samanliknbare. Tala kan likevel seie oss noko om nivået på det som vert rapportert, og endringar over tid.

Det er særleg Troms og Finnmark som gjev eit stort utslag på auken i tilskot frå 2022, med nær ei dobling til 47,6 millionar kroner i frie midlar i 2023. Dei frie midlane utgjer dermed nesten halvparten av alle midlane som vert brukt på fagskular i fylket. Troms og Finnmark har lenge vore fylket som brukar høgast andel frie midlar til fagskulane i høve til det totale tilskotet til fagskular i fylket.

Tabell 5.1 Statleg driftstilskot forvalta av fylkeskommunane, tilskot til Industrifagskulen, og tilskot frå dei frie midlane til fylkeskommunane per fylke rapportert tildelt til fagskular i 2023 [6]

| Fylkeskommunar | Statlege driftsmidlar forvalta av fylkeskommunane | Tilskot til fagskular frå fylkeskommunane sine frie midlar | Andel tilskot av frie midlar til fagskular |
|---|---|---|---|
| **Agder fylkeskommune** | 76 496 000 | 2 900 000 | 4 % |
| **Innlandet fylkeskommune** | 102 246 000 | 0 | 0 % |
| **Møre og Romsdal fylkeskommune** | 50 895 000 | 18 000 000 | 26 % |
| **Nordland fylkeskommune** | 34 950 000 | 10 390 000 | 23 % |
| **Rogaland fylkeskommune** | 109 522 000 | 5 958 000 | 5 % |
| **Troms og Finnmark fylkeskommune** | 51 574 000 | 47 649 000 | 48 % |
| **Trøndelag fylkeskommune** | 137 513 000 | 18 333 000 | 12 % |
| **Vestfold og Telemark fylkeskommune** | 118 132 000 | 0 | 0 % |
| **Vestland fylkeskommune** | 171 206 000 | 21 611 000 | 11 % |
| **Viken fylkeskommune** | 173 488 000 | 47 690 000 | 22 % |
| **Totalt** | **1 026 021 000** | **172 531 000** | **14 %** |

Vedlegg: T5.1
Kjelde: HK-dir/DBH-F

### Skulepengar

Skulepengar utgjorde om lag 834 millionar kroner i 2023, eller ein av tre kroner til sektoren. Med skulepengar meiner vi betaling for sjølve utdanninga, og ikkje semesteravgift, læremateriell, samskipnadsavgift eller liknande. Mesteparten av skulepengane, 819 millionar kroner, kom frå betaling for utdanningstilbod frå og med 30 studiepoeng og over. [7] Knapt 16 millionar kroner kom frå betaling for kortare tilbod under 30 studiepoeng. I det vidare ser vi på disse gruppene kvar for seg i samsvar med korleis disse studentane vart talde i kapittel 3. For tilbod frå og med 30 studiepoeng og over ser vi nærmare på studentar som betalte skulepengar hausten 2023. Betaling frå desse studentane utgjer om lag 423

[6] Nokre fylkeskommunar gir indirekte tilskot til fagskular i form av gratis husleige, HR- og IT-tenester og liknande, som ikkje blir rapportert til DBH-F, og derfor ikkje rekna med her.
[7] Skulepengane fordeler seg på 61 millionar i betaling for korte utdanningstilbod (30–59 studiepoeng), 273 millionar i betaling for fagskulegradar (60–119 studiepoeng) og 485 millionar i betaling for høgare fagskulegradar (120 studiepoeng).

millionar av dei totalt 819 millionane som blei betalt av denne gruppa studentar i løpet av heile 2023. [8] For tilbod under 30 studiepoeng ser vi på tal for heile 2023.

Hausten 2023 var det totalt om lag 11 700 studentar som betalte skulepengar for utdanningstilbod frå og med 30 studiepoeng og over, ein nedgang på om lag 400 studentar samanlikna med 2022. Av desse gjekk i underkant av 3 900 studentar på tilbod som var *delvis* offentleg finansiert, noko som er 900 færre enn året før. Ein medverkande årsak til den relativt store endringa her, er at Fagskulen i Viken avvikla skulepengar for alle sine tilbod frå og med hausten 2023.

Rett over 7 800 studentar gjekk på utdanningstilbod som var fullfinansiert av skulepengar eller andre eksterne tilskot, noko som er rundt 500 fleire enn i 2022. Det er i hovudsak Noroff, NKI Fagskoler og OSM Aviation Academy som står bak auken i denne kategorien.

Studentane som betalte skulepengar hausten 2023 betalte i snitt 28 525 kroner. [9] Dette er om lag åtte prosent (2 140 kroner) meir enn i 2022. Det er likevel store skilnader i kva studentane betaler. Gjennomsnittleg betaling i haustsemesteret for utdanningstilbod som er fullfinansiert av skulepengar, var på nesten 38 500 kroner i 2023. For tilbod som er delvis offentleg finansiert, var gjennomsnittleg betaling på litt under 9 350 kroner.

Samstundes har talet på studentar som ikkje betalar skulepengar auka med 21 prosent frå hausten 2022, og tel no over 17 400 studentar, eller om lag 60 prosent av alle studentane på ordinære tilbod frå og med 30 studiepoeng. Auken i denne kategorien kjem i stor grad av auken i statlege studieplassmidlar. I tillegg gjer det utslag at tilbod som tidlegare var delvis offentleg finansiert ved Fagskulen i Viken no har avvikla skulepengar og dermed er fullfinansiert av offentleg tilskot.

---

[8] Tilsvarande tal for vårsemesteret 2023 er 396 millionar kroner.

[9] Dette er ekskludert luftfartsfaga. Her er det om lag 350 studentar som betaler mellom 220 000 og 700 000 kronar per semester for utdanninga. Dette gir eit stort utslag på gjennomsnittet, og bidreg til å gi eit skeivt bilete av omfanget av skulepengar for hovudvekta av studentane. Gjennomsnittleg betaling inkludert luftfartsfaga er på kring 36 200 kroner.

Figur 5.2 Studentar på utdanningstilbod frå og med 30 studiepoeng etter finansiering, haust 2023




Vedlegg: F5.2
Kjelde: HK-dir/DBH-F

Kortare studietilbod under 30 studiepoeng skil seg frå resten av tilboda ved at dei einskilde studentane oftare er meldt opp til fleire korte tilbod i løpet av eit år. Dei 2 324 individa på slike kortare studietilbod i 2023 var til saman meldt opp til slike korte tilbod 3 471 gongar. [10] Av desse var 2 248 av oppmeldingane til fullstendig offentleg finansierte tilbod, 203 til delvis offentleg finansierte tilbod og 1 020 til tilbod fullfinansiert av skulepengar.  Snittbetalinga per delvis offentleg finansierte tilbod var 1 520 kroner, medan tilbod fullfinansiert av skulepengar hadde ein snittbetaling på 15 072 kroner. Samla var snittbetalinga for tilbod under 30 studiepoeng som ikkje var fullfinansiert av offentleg tilskot på 12 823 kroner.

I studieåret 2022–2023 utbetalte Lånekassen 38 milliardar kroner til stipend og lån. Av desse midlane gjekk 8 prosent til studentar ved fagskular, eller om lag 3 milliardar kroner. Ein del av desse midlane er tilskot for å dekke skulepengar (Lånekassen, 2023).

[10] I snitt var individa på slike kortare tilbod meldt opp til 1,5 tilbod og 11,8 studiepoeng i 2023. Individ som betalte skulepengar vart i snitt meldt opp til 1,8 tilbod og 11 studiepoeng.

**Dei statlege fagskulane**

I 2023 var det fem statlege fagskular: Sjøforsvarets fagskule, Noregs grøne fagskule – Vea, Dykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet og Norsk fagskule for lokomotivførarar. Den femte statlege fagskulen, Brann- og redningsskolen, tok opp studentar hausten 2023, men hadde ikkje studiestart før januar 2024.

Sjøforsvarets fagskule er førebels organisert som ei forsøksordning knytt til Forsvarets fag- og funksjonsutdanning, og hadde berre seks studentar hausten 2023. Fagskulen ver finansiert av Forsvarsdepartementet.

Dei tre resterande statlege fagskulane, Vea, dykkarutdanninga og lokførarskulen, fekk totalt 134 millionar kroner i 2023. Norsk fagskule for lokomotivførarar vert finansiert over budsjettet til Samferdselsdepartementet, og fekk om lag 78 millionar av desse pengane. Noregs grøne fagskule – Vea fekk om lag 32,8 millionar, medan Dykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet fekk 23 millionar kroner, begge finansiert over budsjettet til Kunnskapsdepartementet.

**Statlege prosjektmidlar**

Kvart år vert det lyst ut midlar til ulike prosjekt i høgare yrkesfagleg utdanning. I 2023 vart det tildelt 128 millionar kroner til fagskular gjennom ulike prosjektbaserte ordningar. Dette var om lag 50 millionar kroner mindre enn i 2022. Det var særleg ein reduksjon i tilskot til fagskulane frå mellom anna bransjeprogramma, program for maritim kompetanse, og program for fleksible og desentraliserte tilbod. I tabell 5.2 under nemner vi hovudtrekka ved dei ulike tilskotsordningane, og kor mykje som vart tildelt til fagskular frå dei ulike ordningane i 2023.

Erasmus+ er ei tilskotsordning for internasjonal mobilitet og samarbeid. Ordninga er finansiert av EU, medan dei andre ordningane er finansiert over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Dei statlege tilskota har noko ulik innretning, men eit fellestrekk er utvikling av nye utdanningstilbod i samarbeid med arbeidslivet. Nokre ordningar er tilskot til investeringar, til implementering av digitale verktøy og tilskot til drift eller utprøving av nye tilbod.

Tabell 5.2 Statlege prosjektmidlar tildelt i 2023

| Prosjektmidlar | Tilskot | Kort omtale |
|---|---|---|
| **Utviklingsmidlar for høgare yrkesfagleg utdanning** | 51,1 millionar | Tildeling til 40 prosjekt ved 20 private og offentlege fagskular. Nye utdanningstilbod, investeringar i utstyr og infrastruktur og pedagogisk kompetanse er nokre av prosjektområda. |
| **Treparts bransjeprogram for kompetanse** | 28,6 millionar | Ordninga dekker fleire ulike bransjar, og ulike utdanningsnivå. For fagskulesektoren handlar det om korte, fleksible utdanningstilbod inntil 30 studiepoeng. |
| **Tilskot til fleksible utdanningstilbod** | 21,7 millionar | Midlar til å oppskalere eksisterande fleksible utdanningstilbod på alle utdanningsnivå. Tilboda skulle særleg tilpassast nyutdanna unge med liten erfaring frå arbeidslivet, og ledige og permitterte. Av om lag 150 millionar kroner fekk ni prosjekt ved fagskular tildelt 21,7 millionar til fleksible og desentraliserte utdanningstilbod. |
| **Erasmus+** | 5,3 millionar | Tilskot til internasjonale mobilitetsprosjekt og samarbeidsprosjekt innan EU sitt utdanningsprogram. |
| **Program for maritim kompetanse** | 5,3 millionar | Tilskot til utvikling av kvalitet og relevans i maritime utdanningar ved fagskular, høgskular og universitet. Løyvinga var på 26 millionar kroner i 2023. |
| **Senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning** | 6 millionar | Senter for framifrå høgare yrkesfagleg utdanning er ei forsøksordning etablert i 2022. To sentre vart tildelt ein slik senterstatus, og tolv millionar kroner kvar fordelt på fire år. Formålet med sentra er at dei skal vere spydspissar i sektoren, og bidra til kvalitetsutvikling. |

Vedlegg: T5.2
Kjelde: HK-dir

Tekstboks 4 Internasjonalt samarbeid i høgare yrkesfagleg utdanning

HK-dir har gjennomført ei undersøking om omfang, innhald og nytte av internasjonalt samarbeid i høgare yrkesfagleg utdanning. I undersøkinga kom følјande fram:

**Kva fagskular driv med internasjonalt samarbeid?**
Dei er i størst grad dei store fagskulane som deltar mest i internasjonal samarbeid. Samarbeidet er særleg innanfor det tekniske fagområdet, som har flest studentar. Enkelte små, spesialiserte fagskolar er òg aktive i internasjonalt samarbeid for å finne større fagmiljø.

**Kva gjer dei?**
Det er i første rekke tilsette som samarbeider gjennom ulike former for studieturar og kontakt med tilsette i andre land. Studieturane omfattar også nokre studentar. Nokre fagskolar har samarbeid med utanlandske institusjonar som gir påbygging til bachelorgrad.

**Korleis blir det finansiert?**
Studieturane blir finansierte for dei tilsette av institusjonen, og studentane må i stor grad betale sjølve. Internasjonale samarbeidsprosjekt blir i hovudsak finansierte gjennom ordningar som Erasmus+ og Norplus.

**Kva er nytten?**
- Fagleg oppdatering som kan gi betre fagleg innhald i utdanningane og utvikle nye og meir relevante utdanningstilbod.
- Kunnskap om organisering av fagskular i andre land kan bidra til organisasjonsutvikling.
- Kunnskap om, og erfaring frå, arbeidsliv og utdanning frå andre land er viktig i eit meir internasjonalisert arbeidsliv.
- Inspirasjon for tilsette og studentar

Kva skal til for å få til meir internasjonalt samarbeid?
- Fagskulane må ha eller skape kontaktar og (vidare)utvikle nettverk med aktørar som kan vere relevante å samarbeide med.
- Fagskulane må støtte opp under tilsette med interesse for internasjonalt samarbeid, og arbeidet må forankrast i institusjonen.
- Meir internasjonal aktivitet krev tilgang til finansiering og kjennskap til finansieringskjelder. For å kunne nytte desse kjeldene er det naudsynt med administrativ kapasitet og kompetanse.

Kjelde: (HK-dir, 2024a)

## 5.2 Studentar og utdanningar etter finansiering

Som omtala i kap. 5.1, er offentlege tilskot og studentbetaling hovudkjelda for finansiering i høgare yrkesfagleg utdanning. Dei ulike kjeldene kan vi òg sortere i tre kategoriar knytt til offentleg finansiering:

- *Fullstendig offentleg finansiert* omfattar utdanningstilbod som er fullfinansiert av offentlege midlar.
- D*elvis offentleg finansiert* omfattar utdanningstilbod som delvis vert finansiert av skulepengar
- U*tan offentleg tilskot* betyr at utdanningstilboda er fullfinansiert av studentbetaling eller andre formar for finansiering.

Elles i rapporten har vi gjort eit skilje på eigarskapen til fagskulane; offentleg og privat. I dette delkapittelet tar vi utgangspunkt i finansieringa og ser på kjenneteikn ved studentar og utdanningar sortert på dei ulike finansieringskategoriane.

**Studentar på offentleg finansierte utdanningstilbod**
Hausten 2023 var det 19 000 studentar (61 prosent) på fullstendig offentleg finansierte utdanningar. Om lag 4 000 (13 prosent) var på delvis offentleg finansierte tilbod, og om lag 8 400 (27 prosent) på utdanningar utan offentleg finansiering. Figur 5.3 viser korleis desse studentane fordel seg på dei ulike fagområda på utdanningstilbod i dei ulike finansieringskategoriane.

Hovuddelen av dei *fullstendig* offentleg finansierte utdanningane er innan tekniske fag, og helse- og oppvekstfag. Innan fullstendig offentleg finansierte tekniske fag var det om lag 8 000 studentar (42 prosent), og innan helse- og velferdsfag var det om lag 7 300 studentar (38 prosent). Det var i overkant av 2 100 studentar (11 prosent) innan økonomi- og administrasjonsfag i denne finansieringskategorien.

Tekniske fag, som er det største fagområdet, har òg størst del av studentar på *delvis* offentleg finansierte utdanningar (om lag 2 400 studentar; 60 prosent). Deretter kjem økonomi- og administrasjonsfag (om lag 850 studentar; 21 prosent), og kreative fag (380 studentar; 10 prosent). På desse tilboda er det altså ein kombinasjon av offentleg finansiering og skulepengar.

Om ein ser samla på studenttalet på fullstendig og delvis offentlege finansierte utdanningstilbod, er det dei tekniske faga som er størst (10 300 studentar; 45 prosent), helse- og velferdsfag (7 350 studentar; 32 prosent) og økonomi- og administrasjonsfag (3 000 studentar; 13 prosent).

Figur 5.3 Studentar etter fagområde og finansiering, alle utdanningstilbod, 2023




Merknad: Studentar med uoppgitt fagområde vert ikkje vist i figuren. Sjå tabellvedlegg for tal på desse studentane.
Vedlegg: F5.3
Kjelde: HK-dir/DBH-F

Dei fullstendig og delvis offentleg finansierte utdanningane innan tekniske fag har flest studentar innan bygg og anlegg (3 750 studentar), elektro/energi (3 000 studentar), og industri/kjemi (1 900 studentar). På tilsvarande offentleg finansierte utdanningstilbod innan helse- og velferdsfag, fordeler studentane seg med to tredelar på helsefag (om lag 5 000 studentar) og ein tredel på oppvekstfag (2 100 studentar). Innanfor økonomi- og administrasjonsfag går litt over halvparten av studentane på offentleg finansierte tilbod på leiarfag (1 600 studentar), og ein firedel av studentane (om lag 800 studentar) på kontorfaglege tilbod.

Samferdselsfaga er todelt. Dei maritime utdanningane og lokførarutdanninga er fullfinansiert av offentlege midlar, medan utdanningane i luftfart er finansiert av

skulepengar. Det var litt over 1 000 studentar ved offentleg finansierte samferdselstilbod, og 350 studentar ved luftfartstilboda. Sjå elles vedleggstabell (V27) for ein tidsserie over fordelinga av studentar på fagtypane under kvart fagområde.

**Studentar på utdanningstilbod finansiert av skulepengar**
Utdanningar utan offentleg finansiering blir finansierte med skulepengar. I denne finansieringskategorien var det totalt litt over 8 200 studentar hausten 2023. Om lag 3 000 av desse studentane (36 prosent) på tekniske fag, og av dei var om lag 2 800 (90 prosent) studentar i data/IT-fag ved Noroff.

Vidare var det over 2 600 studentar (32 prosent) på økonomi- og administrasjonsfag, og over halvparten av dei studerte løn og rekneskap eller leiing ved NKI Fagskoler AS.

Kreative fag er det tredje fagområdet som vert finansiert av skulepengar. Her var det 2 000 studentar (24 prosent), og igjen er det Noroff som peikar seg ut med over halvparten av studentane.

**Yrkesfagleg kompetanse som opptaksgrunnlag til offentleg finansierte tilbod**
I 2023 var det store fleirtalet  av studentane (75-80 prosent) på heilt og delvis offentleg finansierte utdanningar tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse. Delen som vart tatt opp på grunnlag av realkompetanse, låg mellom 10 og 14 prosent.

Dette samsvarar med fagområda som vert prioriterte med offentlege tilskot. I kapittel 3.6, i tilknyting til figur 3.14, omtalar vi samanhengen mellom opptaksgrunnlag og fagområde. Helse- og velferdsfag, samferdsel og tekniske fag er størst på yrkesfagleg opptaksgrunnlag, medan ein stor del studentar i tekniske fag òg blir tatt opp på grunnlag av realkompetanse.

**Eldre studentar studerer i større grad på offentleg finansierte tilbod**
I Figur 5.4 har vi sett på samanhengen mellom alderen til studentane og finansieringskategori. Der ser vi at dei fullstendig offentleg finansierte utdanningstilboda, som er gratis for studentane, rekrutterer over halvparten av studentane i alle aldersgruppene over 20 år, og større del dess eldre studentane er.

Utdanningar som vert finansierte av skulepengar, har flest studentar i dei yngre alderskategoriane, og lågare del dess eldre studentane er.

Dette kan forklarast med samanhengen mellom fagområde og utdanningsbakgrunn/opptaksgrunnlag. Utdanningstilboda som krev skulepengar, er i stor grad data/IT-utdanningar og kreative utdanningar som rekrutterer yngre studentar med generell studiekompetanse (sjå kapittel 3.6). Dette er utdanningstilbod som gir studentane ein grunnkompetanse, i motsetnad til utdanningane som bygger på fagutdanningar frå vidaregåande. Samstundes er truleg betalingsviljen, eller viljen til å ta opp studielån for å betale skulepengar, lågare dess eldre ein blir, sjølv om den økonomiske situasjonen er betre hos eldre studentar (Lervåg, m.fl., 2022).

Figur 5.4 Studentar etter alder og finansiering, 2023




Vedlegg: F5.4
Kjelde: HK-dir/DBH-F

**Offentleg finansierte utdanningar er stort sett på deltid**
For å svare på behovet arbeidslivet har for kompetanse må høgare yrkesfagleg utdanning vere tilpassa personar i ulike livsfasar og arbeidstilhøve. Difor må utdanningane vere kjenneteikna av høg grad av fleksibilitet.

I figur 5.5 har vi sett på studentar på heiltid og deltid, fordelt på dei tre finansieringskategoriane. For utdanningar som er heilt eller delvis offentleg finansiert er det 80 prosent av studentane som studerer på deltid. Når studentane betalar for utdanninga si sjølv, studerer fleirtalet (53 prosent) på heiltid.

I kapittel 3.5 såg vi at studentar i høgare yrkesfagleg utdanning nytta seg av fleksibilitet i form av deltid og nettbaserte tilbod i større grad i 2023 enn i 2022.

Utviklinga går altså i retning av meir bruk av fleksible studiar, anten det er deltid, nettbaserte eller desentraliserte tilbod. Men det er ikkje godt å seie om det er søkarane som tilpassar seg utdanningstilboda, eller om det fagskulane som tilpassar seg søkarane sine ønske. I søkjartala frå Samordna Opptak frå 2023, er det om lag 8 prosent fleire søkjarar med tilbod til deltidsstudiar enn året før. Tilsvarande har det vore 3 prosent nedgang i søkjarar med tilbod til heiltidsstudiar (HK-dir, 2023a).

Figur 5.5 Andelen studentar på heiltid og deltid etter finansieringskategori ved offentlege og private fagskular, 2023




Vedlegg: F5.5
Kjelde: HK-dir/DBH-F

## 5.3 Endringar sidan 2017 i lys av finansiering [11]

Mykje av veksten i fagskulesektoren er knytt til auken i statleg driftstilskot. Frå 2017 til 2023 auka dette tilskotet frå om lag 742 millionar kroner omrekna til 2023-kroner, til 1,2 milliardar kroner. Den skulepengefinansierte delen av sektoren har òg vekse med om lag 280 millionar kroner (omrekna til 2023-kroner) sidan 2017.

**Vekst gjennom nye offentleg finansierte studieplassar**
Opptrappinga i høgare yrkesfagleg utdanning starta etter at fagskulemeldinga vart vedteke av Stortinget (Meld. St. 9 (2016–2017)). Etter 2017 har Stortinget løyvd midlar til over 2 700 nye, ordinære toårige studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning; 638 plassar i 2018, 1 600 i 2020, og 500 plassar i 2023. [12] I tillegg kom det 498 studieplassar til ordninga Industrifagskulen i 2021.

Dei ordinære studieplassane vert fordelte av fylkeskommunane, som rapporterer på fordelinga første gong dei fordeler midlane. I figur 5.6 ser vi korleis fylkeskommunane har prioritert i dei tre rundane med fordeling som er rapportert så langt. Tala viser den relative fordelinga av midlar til nye studieplassar for det året studieplassane vart innført. Helse- og velferdsfaga er klart høgast prioritert av fylkeskommunane, tett følgt av tekniske fag.

---

[11] I dette talgrunnlaget har vi ekskludert dei fire statlege fagskulane som får tilskot direkte over statsbudsjettet. Vi har òg ekskludert tilbod som er under 30 studiepoeng, då desse i stor grad er prosjektfinansiert gjennom bransjeprogram eller tilskot til fleksible og desentraliserte tilbod, finansiert gjennom den industrifagskulen.
[12] Det kom òg 500 nye studieplassar i budsjettet for 2024, men desse er ikkje talt med her då rapporten gjeld for 2023-tala.

Figur 5.6 Fordeling av studieplassmidlar etter fagområde, 2018, 2020 og 2023




Vedlegg: F5.6
Kjelde: HK-dir/DBH-F

Toårige studieplassar betyr i denne samanhengen at tilskotet til fylkeskommunane vert berekna med utgangspunkt i at det skal vere økonomisk grunnlag for å starte eit kull med studentar på eit toårig utdanningstilbod haustsemesteret (som då vert finansiert i to år), og i tillegg eit nytt kull hausten etter (som òg vert finansiert for toårig utdanning). Sjølv om ein studieplass vert finansiert som ein fulltids toårig studieplass, blir tilskotet i stor grad brukt til å finansiere fleire studentar på deltidstilbod og kortare tilbod, noko som betyr at talet på studentar truleg aukar meir enn talet på studieplassar.

For å analysere effekten av dei nye studieplassane vil vi sjå nærare på utviklinga i sektoren for alle utdanningstilbod frå og med 30 studiepoeng som er heilt eller delvis offentleg finansiert. Vi startar med å sjå på utviklinga i studenttalet, før vi ser nærare på studiepoengproduksjonen.

Figur 5.7 viser utviklinga i talet på studentar på heilt og delvis offentleg finansierte utdanningstilbod frå 2017 til 2023. Figuren viser òg korleis studentane fordeler seg på offentlege og private fagskular.

Talet på studentar på heilt og delvis offentleg finansierte utdanningar auka med 90 prosent, frå om lag 11 100 til om lag 21 100 studentar i denne perioden, fordelt på 12 919 studentar på offentlege fagskular og 8 139 studentar på private. Den største

delen av auken er frå 2019 til 2020, med om lag 24 prosent. Deretter vaks det med ytterlegare 15 prosent i 2021 og 12 prosent i 2023. Veksten sidan 2017 fordeler seg nesten heilt likt på offentlege og private fagskular, der offentlege fagskular har vokse med 4 988 studentar har dei private fagskulane fått 4 992 fleire studentar på offentleg eller delvis offentleg finansierte tilbod. Den relative auken sidan 2017 er derimot mykje større hos dei private (159 prosent) enn hos dei offentlege fagskulane (63 prosent).

Figur 5.7 Studentar på heilt og delvis offentleg finansierte utdanningstilbod, fordelt på offentlege og private fagskular, 2017–2023




Merknad: I dette talgrunnlaget har vi ekskludert dei fire statlege fagskulane som får tilskot direkte over statsbudsjettet.
Vedlegg: F5.7
Kjelde: HK-dir/DBH-F

### Studiepoengproduksjonen aukar med nye studieplassar

I tillegg til endringane i talet på studentar er det naudsynt å sjå på utviklinga i studiepoengproduksjonen for å sjå heile biletet av utviklinga. Figur 5.8 viser utviklinga i 60-studiepoengeiningar (SPE) saman med den venta auken i SPE som følgje av auka finansiering. Med dei ordinære studieplassmidlane som har blitt

innført sidan 2017 følger det ei forventing om ein auke i studiepoengproduksjon på 4 476 SPE innan 2023. [13]

I 2017 vart det produsert rett i underkant av 6 100 SPE i dei offentleg finansierte fagskuleutdanningane. I 2023 vart det avlagt i underkant av 10 200 SPE ved offentleg finansierte utdanningar frå og med 30 studiepoeng. Det er om lag 4 000 fleire SPE enn i 2017, ein auke på 66 prosent. Vi har lagt til grunn at rapporteringa av studiepoeng skjer seinare enn auken i tilskot. Derfor har vi lagt inn eitt års forseinking i den forventa auken i SPE-produksjon, i høve til innføringa av studieplassane. [14] Den forventa auken er òg basert på ein-til-ein tilhøve mellom auka finansiering og auka SPE-produksjon.

Tala tydar framleis på at utviklinga i den offentleg finansierte delen av sektoren er i tråd med den finansielle utviklinga, noko samvariasjonen mellom dei to linjene tydeleg viser. Nivået på SPE ligg likevel noko lågare enn forventa. Det «manglar» kring 400 SPE (10 prosent) i høve til venta vekst på 4 476 sidan 2017. Dette kan skuldast fleire ting, mellom anna forseinkingar knytt til implementering av studieplassar, lite bruk av «overbooking» for å ta høgde for naturleg fråfall, utfordringar med å rekruttere studentar, eller at utdanningane kostar meir enn det som vert lagt til grunn når ein set forventningar til eit visst antal SPE.

[13] Den venta auken i SPE er utan studieplassmidlane som er øyremerkt Industrifagskulen. Vi samanliknar med produksjonen av studiepoeng utan tilbod under 30 studiepoeng. Vi har heller ikkje rekna med effekten av studieplassane som vart innført frå hausten 2023, då vi ikkje ventar å sjå effekten i innrapporterte tal til DBH-F før haustrapporteringa i 2024.
[14] Dette er fordi det tar lengre tid frå ein student startar utdanninga og vert tald som aktiv, til eksamenar vert avlagd og studiepoenga rapportert til DBH-F. Stort sett startar studentar i haustsemesteret, men tar dei fleste eksamenar i vårsemesteret. Desse resultata vert då rapportert til DBH-F den 15. august året etter at studenten vart registrert som student på tilbodet. Finansieringa og talet på studentar aukar derfor fortare enn talet på SPE.

Figur 5.8 Studiepoengeiningar i offentleg finansierte utdanningstilbod, 2017–2023




Merknad: utviklinga i 60-studiepoengeiningar (SPE) ved offentleg finansierte utdanningar frå og med 30 studiepoeng.
Vedlegg: F5.8
Kjelde: HK-dir/DBH-F

## 5.4 Utviklingsmidlar for kvalitet

Tilskotsordninga for utviklingsmidlar til høgare yrkesfagleg utdanning var eitt av fleire tiltak som blei introdusert i fagskulemeldinga i 2017. Ordninga har som mål å stimulere til høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning (HK-dir, 2024b). Gjennom ordninga får fagskulane midlar til å I) utvikle nye utdanningar i samarbeid med arbeidslivet; II) utforske og ta i bruk digital teknologi i læring og undervisning for å auke studentanes læringsutbyte; III) tilby kompetanseheving for lærarar for å sikre undervisning av høg kvalitet; samt IV) få på plass naudsynt utstyr som til dømes simulatorar for å kunne tilby utdanningar som gjev kompetanse og ferdigheiter som arbeidslivet treng. [15]

[15] Det har vert nokre mindre justeringar av innretningane gjennom åra. Dette er kriteria som gjaldt for utlysinga i 2023.

**Utviklingsmidlar sidan 2017**

Figur 5.9 viser fordelinga av midlar til dei ulike fagområda sidan opprettinga av ordninga i 2017. Av det totale tilskotet sidan starten, har 29 prosent (116,6 millionar kroner) gått til tekniske fag. Desse faga har alltid fått store deler av midlane, men deira del har gått noko ned dei siste åra til fordel for andre fagområde.

Ser vi bort frå tverrfaglege prosjekt, som inneheld ein stor variasjon av ulike fagområde, er det helse- og velferdsfaga som har fått nest mest av midlane totalt sett. Til helse- og velferd har det vorte tildelt 70,4 millionar kroner totalt, det utgjer 18 prosent. Dei siste åra har ein stadig større del tilskot gått til dette fagområdet. Denne utviklinga kan seiast å spegle analysane av kompetansebehov i arbeidslivet, og signal frå stat og fylkeskommunar om kva som er viktig å prioritere på utdanningsfeltet.

Økonomiske og administrative fag har motteke til saman 32 millionar kroner, rundt 10 prosent av total tildeling. Det er verdt å merke seg at nesten halvparten av desse midlane, 14 millionar kroner, vart tildelt i 2023. Den store tildelinga i 2023 heng saman med at det var fire fagskular som fekk tildelt relativt store prosjekt knytt til økonomi og administrasjon dette året. I motsetnad til utviklinga i tildelingar til helse- og velferdsfaga, er det ikkje nærliggande å tolke dette som eit uttrykk for ein trend.

Prosjekt innanfor samferdselsfag har motteke 70 millionar kroner sidan 2017. Det aller meste av desse midlane har gått til maritime fag, medan noko har gått til luftfartsfaga. Andelen tilskot til samferdselsfaga har hatt ein jamn nedgang sidan oppstarten. Der snautt 10 millionar kroner gjekk til prosjekt innan samferdsel i 2017, var det ingen samferdselsprosjekt som fekk midlar i 2023. Dette har truleg samanheng med at maritime utdanningar har hatt tilgang til andre kjelder for tilskotsmidlar, som til ein viss grad har erstatta utviklingsmidlane. Til utlysinga av utviklingsmidlar i 2024 vart 9,7 millionar kroner overført frå MARKOM-programmet, saman med ein føring at maritime fag skal prioriterast. Dette vil føre til at meir midlar vert tildelt samferdselsprosjekt frå 2024.

Fagområda kreativ og anna har motteke høvesvis 13,5 (3 prosent) og 18,5 (5 prosent) millionar kroner frå 2017-2023. Desse fagområda er relativt små i antal studentar samanlikna med dei andre fagområda.

Figur 5.9 Utviklingsmidlar totalt, sortert på fagområde, 2017–2023




Vedlegg: F5.9
Kjelde: HK-dir

Figur 5.10 viser korleis utviklingsmidlane har blitt fordelt på dei ulike utviklingsområda i ordninga. Innkjøp av nytt utstyr, «eingongsinvesteringar», har vore den største kategorien i dei fleste åra. I 2021 vart det tildelt ekstra mykje til dette føremålet. Dette kjem mellom anna av at det vart utlyst ein ekstra pott med midlar på 10 millionar kroner til dette føremålet, som eit ledd i utdanningsløftet i samband med covid-pandemien.

Elles ser vi ei tydeleg utvikling i retning av at stadig meir tilskot går til utvikling av nye utdanningar. Berre frå 2021 til 2023 har beløpet som går til nye utdanningar meir enn dobla seg. Dette tydar på at tilskotsordninga er viktig for fagskulane sitt oppdrag med å svare på arbeidslivet sine nye og skiftande kompetansebehov. Samstundes har dette bidratt til den nemnde køen for akkreditering hos NOKUT.

Figur 5.10 Utviklingsmidlar fordelt på utviklingsområde, 2017–2023




Vedlegg: F5.10
Kjelde: HK-dir

Biletet som til saman vert danna er at utviklingsmidlane for høgare yrkesfagleg utdanning er ei ordning som treff sektoren breitt med tanke på både fagområde og utviklingsområde.

**Eit nærblikk på utviklingsmidlane i 2023**

I 2023 fekk 40 prosjekt ved 20 fagskular tildelt til saman 51,1 millionar kroner (Kunnskapsdepartementet, 2023b). Figur 5.11 syner fordelinga mellom dei ulike fagområda. Helse- og velferdsfag fekk den største delen av potten, tett etterfølgt av økonomiske og administrative fag, og tekniske fag.  Desse fagområda mottek til saman over 80 prosent av utviklingsmidlane i 2023, noko som speglar den dominerande posisjonen deira i sektoren (sjå t.d. figur 3.6). Som nemnd over fekk økonomi- og administrasjonsfaga ein særleg stor del tilskot i 2023 samanlikna med tidlegare år.

«Tverrfagleg»-kategorien fekk 12 prosent av midlane i 2023. I denne kategorien inngår prosjekter der søkarinstitusjonane har merka av for fleire enn eitt fagområde. Dette inkluderer prosjekt som rettar seg spesifikt inn på fleire fagretningar, og prosjekt som har ein meir overordna natur, utan å gå inn på

fagområde. Eit eksempel på eit tverrfagleg prosjekt er oppgradering av en elektrolab tilknytt maritime fag, eit prosjekt som grip inn i to ulike fagområde.

Figur 5.11 Fordeling av utviklingsmidlar på fagområde, 2023




Vedlegg: F5.11
Kjelde: HK-dir

Figur 5.12 visar korleis utviklingsmidlane vart fordelte på dei ulike utviklingsområda[16] i 2023. Mest midlar gjekk til utvikling av nye utdanningar i 2023, med meir enn 20 millionar kroner (40 prosent). Prosjekt knytt til bruk av digital teknologi for læring stod for drygt 14 millionar (28 prosent), medan eingongsinvesteringar utgjorde 12,5 millionar (25 prosent). Snautt 4 millionar gjekk spesifikt til kompetanseheving av lærarar. Det kan likevel vere element av kompetanseheving av lærarar integrert i dei andre utviklingsområda.

[16] Dei ulike utviklingsområda er ikkje gjensidig ekskluderande. Eit innkjøpsprosjekt kan til dømes òg inkludere midlar til utvikling av læringsmateriell, og eit prosjekt som dreier seg om bruk av digital teknologi kan inkludere eitt eller fleire innkjøp. Fagskulane kategoriserer sjølve prosjekta ut frå kva som utgjer det største delen av prosjektet.

Figur 5.12 Utviklingsmidlar fordelt på utviklingsområde, 2023




Vedlegg: F5.12
Kjelde: HK-dir

# Fylkesvise sektorbilete

I denne delen viser vi eit sektorbilete for kvar enkelt fylkeskommune. Biletet er meint å gi fylkeskommunane nokre nøkkeltal på status i høgare yrkesfagleg utdanning i fylket. Sektorbileta kan òg lastast ned frå https://vedlegg.hkdir.no/TRHYUvedlegg/2024.

Under finn ein merknader til tala i tabellane. Merknadene er nummerert, og nummera finn ein igjen på relevante stader i venstre kolonne i tabellane.

**Fagskular**

1) Her blir fagskular med studiestad i fylket talt.

**Økonomi og styring**

2) Statlege tilskot til drift forvalta av fylkeskommunen er oppgitt slik dei er rapportert inn til DBH-F

**Studentar**

3) Studenttalet for 2023 inkluderer aktive studentar på utdanningstilbod over 30 studiepoeng på teljetidspunktet 1. oktober, og studentar (enkeltindivid) på studietilbod under 30 studiepoeng frå heile året.
4) Skulepengar gjelder betaling for sjølve utdanninga, og ikkje semesteravgift, læremateriell, samskipnadsavgift eller liknande. Dette gjeld studentar som ikkje går på fullstendig offentleg finansierte utdanningstilbod.
5) I Agder og Vestfold og Telemark viser vi skulepengar per student med og utan luftfartsfaga sidan det er høg andel skulepengar for desse faga.

**Opptaksgrunnlag**

6) I 2023 ble rapportering på opptaksgrunnlag endra for å være meir i tråd med opptaksforskrifta. Variabelen anna kompetansegrunnlag vart fjerna hausten 2023, og erstatta med variablane utanlandsk utdanningsbakgrunn, høgare yrkesfagleg utdanning og spesielle opptakskrav. Sidan vi tel studentar på kortare studietilbod frå heile året, er nokre studentar talt på våren 2023. Dei er registrert med dei eldre opptakskategoriane og kan då være tatt opp på anna kompetansegrunnlag.

## Agder

| Fagskular[1] | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| Tal på skular | 7 | 7 | 6 |
| Fagskular med offentleg eigarskap | 1 | 1 | 1 |
| Av desse fylkeskommunalt eigarskap | 1 | 1 | 1 |
| Fagskular med privat eigarskap | 6 | 6 | 5 |
| Fagskular med færre enn 50 studentar i fylket | 4 | 3 | 1 |
| Fagskular med mellom 50 og 500 studentar i fylket | 1 | 2 | 3 |
| Fagskular med fleire enn 500 studentar i fylket | 2 | 2 | 2 |
| **Utdanningstilbod i fylket etter fagområde (FKF)** | **2021** | **2022** | **2023** |
| Helse og velferd | 20 | 16 | 14 |
| Kreativ | 16 | 17 | 18 |
| Samferdsel | 3 | 3 | 5 |
| Teknisk | 34 | 38 | 44 |
| Økonomi- og administrasjon | 9 | 10 | 11 |
| Anna | 2 | 2 | 1 |
| **Økonomi og styring** | **2021** | **2022** | **2023** |
| Statlege tilskot til drift forvalta av fylkeskommunen[2] | 65 468 | 71 674 500 | 76 496 381 |
